



Innhold

Del I: Årsmelding frå styret	4
Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
Del III: Aktivitetar og resultat 2021	9
Del IV: Styring og kontroll i verksemda	25
Del V: Vurdering av framtidsutsikter	29
Del VI: Årsrekneskap 2021	38

Kompetanse for eit betre samfunn

Høgskulen i Volda

Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00
postmottak@hivolda.no

www.hivolda.no

hivolda (Facebook, Instagram, Snapchat og Twitter)

Trykk

Printing As

Framsidedfoto:

Karl August Swanstrøm

Foto:

Andreas Solbakken, Tone Solhaug, Lea Albertsen, Karl August Swanstrøm

Opplag:

50 stk.



Del I: Årsmelding frå styret 2021

Koronapandemien har sett eit sterkt preg på alle delar av verksemda til Høgskulen i Volda, også i 2021. Det har vore svært krevjande for heile organisasjonen, ikkje minst ved at det har vore mange skifte i smitteverntiltaka, ofte på kort varsel. Studentar og tilsette har vist stor innsatsvilje og omstillingsevne og fortener ros for det. Å sikre eit godt undervisningstilbod til studentane har vore den viktigaste oppgåva.

Den viktigaste einskildhendinga ved Høgskulen i Volda i 2021 var opninga av nybygget Sivert Aarflot-huset. Aarflot-huset har vorte eit flott signalbygg som har vekt stor interesse, og gir medieutdanningane i Volda eit løft for framtida.

Arbeidet i styret

Høgskulen i Volda (HVO) hadde seks styremøte i 2021, og fire styre-seminar der det vart arbeidd med ny strategiplan. To av møta var heildigitale på grunn av smittesituasjonen.

Styret har også i år lagt stor vekt på å følgje opp fire forbettrings-område: Mastergjennomstrøyming, BOA-inntekter, publisering og kompetanseutvikling.

Styret er nøgd med at det har vorte stor framgang på mastergjennomstrøyming, og ventar at den gode utviklinga held fram. Styret noterer at det har vorte ein liten auke i samla BOA-inntekter, men vi ligg framleis svært lågt målt i BOA-inntekter per fagleg tilsett. Styret er ikkje nøgd med at publiseringstala per tilsett går ned. Talet på fyrstekompetente aukar litt, medan det er inga endring for toppkompetanse. Styret hadde ønska seg ein større framgang, og vil framleis følgje opp dette arbeidet.

Styret er nøgd med den overordna økonomiske gjennomføringa i 2021. Drifta vart sterkt prega av pandemien, noko som gjer at Høgskulen ikkje har klart å gjere alle planlagde tiltak og dermed heller ikkje har redusert avsetningane. På bakgrunn av campusutviklingsplanen frå 2020 vedtok styret i 2021 ein investeringsplan for dei komande åra. Det neste store prosjektet er oppussing av Hans Strøm-huset.

Styret vedtok ny strategiplan for 2022–2029 på siste møtet i 2021 og legg denne til grunn for vidare utvikling av Høgskulen. I 2022 vil styret arbeide med handlingsplan på bakgrunn av strategiplanen og med å lage ny utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet

for åra 2023–2026. Ambisjonane i strategiplanen er høge, og krev tydelege prioriteringar om Høgskulen skal nå måla.

Utdanning, forskning og organisasjon

Det har vore fleire skifte mellom fysisk og digital undervisning gjennom året grunna utvikling i smittesituasjonen, og Høgskulen har nytta eksterne lokale for å få til mest mogleg fysisk undervisning. På grunn av nedstenginga i desember 2021 vart dei fleste skriftlege skuleeksamenane endra til digitale eksamenar. Våren 2022 skal Høgskulen i Volda berre unntaksvis ha skriftlege skuleeksamenar.

Det er ein svak auke i strykprosent og i andel studentar som hoppar av studia. Gjennomføringsgraden på bachelor har likevel aldri vore høgare ved Høgskulen i Volda enn i 2021 og ligg også på nasjonalt toppnivå.

Kunnskapsdepartementet tildelte midlar til studentassistentar, og HVO tilsette 41 studentar som assistentar for å bidra til å auke læringstrykket i utdanningane våre.

Høgskulen i Volda arrangerte i 2021 den første disputasen på ph.d.-graden i helse- og sosial og ser fram til fleire disputasar i 2022. I 2021 sette styret også i gang arbeid med utgreiing av ein ny ph.d.-grad som kan gjere oss sjølvakkrediterande på lærarutdanningane.

NOKUT har i 2020–2021 gjennomført tilsyn med Høgskulens kvalitetssystem. Kommisjonen konkluderte med at HVO i det store og heile har eit godt kvalitetssystem, men vi fekk pålegg om å styrke dei periodiske studieprogramevalueringane innan årsskiftet. Dette vart følgt opp, og vi ventar difor at NOKUT sitt styre i april 2022 vil godkjenne kvalitetssystemet til Høgskulen i Volda.

Høgskulen har i 2021 arbeidd vidare med tiltak for å auke både publisering og tal på forskingssøknader, der mellom anna arbeidet med å stimulere arbeidet i forskingsgruppene er sentralt. Men det har vore utfordrande å gjennomføre alle planlagde ak-

tivitatar på grunn av smitteverntiltaka, og mange planlagde konferansar og seminar har vorte avlyste eller utsette også i 2021. Den samla publiseringa gjorde eit markert hopp i 2020, men førebelse estimat for 2021 syner at vi går tilbake igjen. Endelege tal på publiseringa ligg føre 1. april.

Det blir arbeidd systematisk med kompetanseheving i organisasjonen. Rekruttering og utvikling av første- og toppkompetanse er eit fokusområde som også er med i utviklingsavtalen. Dei siste åra har vi auka talet på tilsette mykje, og sidan HVO rekrutterer flest høgskulelektorar, legg vi til rette for at dei skal arbeide mot førstekompetanse. Høgskulen har 28 stipendiatårsverk i 2021, som er fleire enn nokon gong tidlegare.

BOA-inntektene per tilsett har vore stabile frå 2020 til 2021. Styret er ikkje nøgd med nivået, og ber at organisasjonen held fram med det systematiske arbeidet med å auke talet på og kvaliteten i forskningssøknader.

Det blir arbeidd med prosesskartlegging som grunnlag for digitalisering, effektivisering og kvalitetsbetring. I 2021 har Høgskulen prøvd ut fellesløysinga Arbeidslivsportalen, og vi arbeider med automatisering av enkle prosessar (RPA).

Styret meiner HVO har tilfredsstillande styring og kontroll, og forvaltar ressursane forsvarleg og effektivt. Styret er nøgd med det systematiske arbeidet med helse, miljø og tryggleik, men sjukefråværet og andel mellombels tilsette er for høg.

Tilhøve som har verka inn på resultatata

Pandemien har i stor grad verka inn på resultatata. HVO har prioritert å bruke ressursar på undervisning. Dette førte til at andre utviklings- og forskingsaktivitetar måtte reduserast eller utsettast. Vidare har pandemien ført til at mange andre aktivitetar har vorte forseinka, utsett eller avlyste.

Under pandemien har vi utvikla vår digitale kompetanse knytt til både undervisning og kollegialt samarbeid. For ein høgskule i distriktet kan fleire digitale møte også etter pandemien bidra til ei meir klimavennleg verksemd, og lågare kostnader i form av spart reisetid og færre flybilletter.

Dei viktigaste prioriteringane for åra framover

Høgskulen har inngått ein utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet for perioden 2019–2022. Måla i utviklingsavtalen er knytte til grunnskulelærarutdanninga, yrkesretta medieutdanning, tverrfagleg arbeid med eit framtidsperspektiv og rekruttering/utvikling av toppkompetanse. Styret vil i 2022 arbeide med å slutføre tiltaka i den noverande avtalen.

Vi arbeider med ny handlingsplan for Høgskulen 2022-2025, og denne blir lagt til grunn for prioriteringar i åra som kjem.

Høgskulen vil våren 2022 arbeide med aktuelle tema for ein ny utviklingsavtale for 2023–2026 i tråd med vår eigen strategi og nasjonale mål.

Andre utvalde område som vi arbeider særskilt med, er:

- betre gjennomstrøyming på masterutdanningane
- auka vitskapleg publisering
- auka BOA-inntekter
- rekruttering og kompetanseheving mot første- og toppkompetanse
- styrke arbeidslivsrelevansen i utdanningane

Volda, 3. mars 2021, Høgskulen i Volda ved styret




Johann Roppen



Eirik Søvik



Randi Myklebust




Mats Ekeberg



Cecilie Røeggen



Roar Tobro



Bodil Palma
Hollingsæter



Irmelin Johanne
Angell Losvik



Geir Terje Ruud



Silje Louise Dahl



Inger Østensjø

Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal

Høgskulen i Volda bygger på samfunnsvitskap og humaniora og er ein profesjonsretta høgskule med høge faglege ambisjonar. Vi utdannar for og forskar på velferdssamfunnet. Vi møter behov i regionen, og er samstundes ein nasjonal og internasjonal aktør. Vi tek eit særleg ansvar for å bevare og utvikle nynorsk språk og skriftkultur.

HVO sin visjon er kompetanse for eit betre samfunn

- Vi skal vere ei drivkraft for utvikling av kunnskap, ferdigheiter og klokskap og vi skal bidra til framsteg for individ og samfunn.
- Vi skal skape entusiasme for læring, stimulere til deltaking for ei berekraftig verd og bygge på samskaping mellom studentar, tilsette og arbeidslivet.

Høgskulen i Volda vedtok ny strategiplan for 2022–2029 i desember 2021. I strategiplanen er det peika ut fire strategiske satsingsområde for første del av strategiperioden, 2022–2025:

1. HVO skal ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet
2. HVO skal heve ambisjonane innanfor lærarutdanningane, sosialfaga og mediefaga
3. HVO skal ha forskingsmiljø som er leiande nasjonalt og hevdar seg internasjonalt
4. HVO skal vere ein tydeleg samfunnsaktør i regionen

Forskning og utvikling (FoU)

HVO har som mål å drive forskning og utviklingsarbeid med høg kvalitet på ein slik måte at det gir utdanningstilboda eit solid fagleg grunnlag. I 2021 hadde Høgskulen 253 faglege årsverk, der over halvparten hadde første- eller toppkompetanse. Stipendiatar utførte 28 årsverk.

Studietilboda

HVO gir fag- og profesjonsutdanningar på bachelor- og masternivå for skule og barnehage, velferd, medium og kultur, og tilbyr ein ph.d. i helse- og sosialfag som ein fellesgrad i lag med Høgskolen i Molde. HVO tilbyr 18 bachelorprogram, fleire lærarutdanningsprogram, ei rekkje årsstudium og vidareutdanningar på heiltid, deltid og nett.

Høgskulen har følgjande mastergradar: grunnskulelærarutdanning for 1.–7. trinn; grunnskulelærarutdanning for 5.–10. trinn; barnhagekunnskap; spesialpedagogikk; erfaringsbasert mastergrad i undervisning og læring; kultur møte; helse og sosialfag - meistring og myndiggjering; skriftkultur; samfunnsplanlegging og leiing; og «Master in media practices». I tillegg har vi ein master i helseleiing i lag med Høgskolen i Molde og NTNU.


Fleksible studieformer

Med vel 1.400 studentar på nettundervisning og desentralisert undervisning er HVO ein stor tilbydar av distanseovergrepande studium. Høgskulen arbeider kontinuerleg med å legge til rette for livslang læring med høg fagleg kvalitet og stor fleksibilitet i organisering og gjennomføring. Fleksible studieformer gjer det mogleg å kombinere studium og arbeid, eller studium og andre aktivitetar.

Internasjonalisering

HVO har eit aktivt internasjonalt engasjement og er mellom dei beste i Noreg på internasjonal studentutveksling. Høgskulen har om lag 110 utvekslingsavtalar med utdanningsinstitusjonar i over 40 land. Studentar på bachelor- og masterstudia har høve til å ta eit semester i utlandet. Ved mange av studia er det også mogleg å gjennomføre praksis utanfor Noreg. I eit normalt år tek HVO imot om lag 200 studentar frå heile verda.

Organisasjonskart for Høgskulen i Volda



i

Høgskulen i Volda er underlagd Kunnskapsdepartementet, og høgskulestyret er det øvste organet ved institusjonen. Styret har følgjande elleve medlemmar: rektor, tre medlemmar valde mellom tilsette i undervisnings- og forskarstilling, ein medlem vald mellom dei teknisk og administrativt tilsette, to medlemmar valde mellom studentane og fire eksterne medlemmar utpeika av Kunnskapsdepartementet. Høgskuledirektør og prorektor har møteplikt til alle styremøte, med tale- og forslagsrett.

Hovudtal for Høgskulen i Volda

	2019	2020	2021
Årsverk tilsette	351	353	383
Av dette årsverk i UFF-stillingar	237	230	253
Registrerte studentar	4 500	4 763	4 699
Studiepoengproduksjon per heiltidsekivalent	2 691	2 643	2 642
Doktorgradsdisputasar	3	2	5
Totale driftsinntekter mill. kroner	398	415	422
Av dette løyving	360	375	392

Fleire nøkkeltal finn ein i NSDs Database for statistikk om høgare utdanning: dbh.hkdir.no

Del III – Aktivitetar og resultat 2020

Pandemien har også i 2021 verka inn på verksemda. Det blir jobba godt i organisasjonen, og Høgskulen er nøgd med det vi har fått til så langt i 2021. Det er likevel klart at vi må jobbe langsiktig med fleire av dei prioriterte områda før konkrete resultat blir synlege i dei nasjonale styringsparametrane. Verksemda vår er mangslungen, forventningane høge og det er krevjande å få til ei god nok prioritering i organisasjonen.

I det følgjande blir resultat og måloppnåing for dei nasjonale styringsparametrane kommenterte under kvart verksemdmål. Til slutt i kapittelet rapporterer vi på utviklingsavtalen med KD, byggeprosjekt og på ekstra løyvingar over statsbudsjettet.

Sektormål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forskning

Nasjonale styringsparametrar

- Andelen bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid
- Andelen masterkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid
- Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar
- Skår på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten
- Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk
- Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FOU-årsverk
- Andelen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar

Verksemdmål 1.1: HVO skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og gjennomstrøyming

Styringsparametrar

- Andelen bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid
- Andelen masterkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid
- Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar
- Skår på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten
- Talet på primær søkerar i samordna opptak
- Talet på kvalifiserte primær søkerar per studie plass

Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen i Volda hadde i 2020 NOKUT-tilsyn med det sys-

tematiske kvalitetsarbeidet. Høgskulen bestod på alle område med unnatak av periodisk evaluering av studietilboda, og fekk vedtak om at enkelte manglar måtte rettast opp med rapporteringsfrist 31.12.21. NOKUT kommenterte at planar og retningslinjer for periodiske evalueringar var på plass, men at Høgskulen måtte ferdigstille påbegynte evalueringar før ein kunne få kvalitetsarbeidet godkjent. Høgskulen har gjennomført fleire periodiske evalueringar og ettersendt desse til NOKUT innan fristen. Vi ventar at kvalitetssystemet blir godkjend ved handsaming i NOKUT-styret i april 2022. Organisasjonen har lært mykje av NOKUT-tilsynet. Det har vore ressurskrevjande, men det har skapt eit medvit i organisasjonen med tanke på studie-kvalitetsarbeidet på alle nivå.

Høgskulen er nøgd med at vi har fått ein monaleg framgang i andelen masterkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid, med ein framgang frå 14 % i 2020 til 39 % i 2021. Framgangen styrker hypotesen om at dei særleg låge resultat i 2020 delvis kjem av pandemien. Mellom anna var det fleire studentar på Master of media practices som ikkje fekk gjennomført datainnsamling som planlagt grunna pandemien.

Framgangen i 2021 er likevel betydeleg og det beste resultatet sidan 2014, og dette er eit resultat av systematisk arbeid med gjennomstrøyming på mastergradane våre. Vi har mellom anna styrka rettleiinga ved å bygge opp eit studiepoenggivande kurs i rettleiing av mastergradsstudentar som tilsette ved HVO får jamleg tilbod om å delta på. Vidare har vi etablert katalog av aktuelle masteroppgåveprosjekt for at studentane skal kome raskare i gang og etablert eit mastergradsforum med meir. Mastergradsforumet, som består av studieprogramleiarane, dekanane og rektoratet, blir ein viktig arena for det vidare arbeidet med gjennomstrøyming og kvalitet på mastergradane. Kvar enkelt mastergrad har også utarbeidd ein eigen handlingsplan for gjennomstrøyming som er vedteken i HVO sitt Utdannings-utval. Fleire av tiltaka er langsiktige, og det blir arbeidd vidare med å styrke studieleiinga, vurdere programstruktur og legge til rette for gode læringsmiljø gjennom campusutvikling. Fleire av masterutdanningane har innført karakterkrav for opptak, noko vi trur vil påverke resultatata positivt på sikt.

Høgskulen treng meir kunnskap om kvifor færre av våre studentar fullfører på normert tid enn gjennomsnittet nasjonalt. I 2021 gjennomførte vi ei kandidatundersøking på fem masterprogram. Dei fleste studentane svarte at det er private årsaker som gjer at dei ikkje fullfører på normert tid. Svarprosenten er likevel

for låg til å gi sikre resultat, og spørjeundersøkingane gav ikkje nok kunnskap om det vi antar er eit samansett problem. Vi har derfor sett av midlar til ei kvalitativ undersøking i 2022. I tillegg skal rektor si leiargruppe på studietur til Høgskulen på Vestlandet (HVL) i mars for å utveksle erfaringar og lære av kvarandre. HVL har ein studieportefølje som liknar på HVO sin, men betydeleg betre gjennomstrøyming.

Når det gjeld gjennomstrøyming på bachelor har Høgskulen rekordhøgt resultat for 2021 på 66 %, noko vi er stolte over å ha klart i eit år prega av pandemi og mykje digital undervisning. Her skårar Høgskulen jamt høgt over år og ligg godt over det nasjonale snittet.

På Studiebarometeret gir studentane ein skår på 3,9 på overordna tilfredsheit, noko som er same resultat som i 2020 og 0,1 under det nasjonale snittet. HVO ligg over det nasjonale snittet på seks hovudområde, og under på tre hovudområde. For dei fleste områda er det små skilnader frå 2020-resultata, men vi har ei dårleg utvikling og resultat på «eige engasjement» og «fagleg/sosialt miljø». Det er nærliggande å tru at noko av dette heng saman med pandemien, og vi håper at eit meir normalt studieår i 2022 og fleire tiltak for å få gang i det sosiale miljøet skal gi effekt framover. Verdt å nemne er at Høgskulen i Volda har mellom dei mest fornøgde lærarstudentane i landet, med ein skår på 4,3 for grunnskulelærarutdanninga 1–7, mot eit nasjonalt snitt på 3,6.

Studentane rapporterer at dei nyttar noko mindre tid på studia i 2021, samanlikna med året før, ned frå 29,4 timar i 2020 til 27 timar i 2021. Dette er under det nasjonale snittet, og Høgskulen har dei siste åra arbeidd systematisk for å auke læringstrykket i studieprogramma. 2021 er likevel eit så spesielt år at det er vanskeleg å seie om det er ei reell negativ utvikling eller resultat av pandemien.

Høgskulen har ambisjon om å styrke inntakskvaliteten. Høgskulen har ein liten nedgang i talet på primærseekjarar i Samordna opptak, men eit stabilt tal på kvalifiserte primærseekjarar per studieplass. Begge delar er litt under målsettinga, men resultatata er betre enn i 2019. Barnehagelærarutdanninga hadde stor nedgang i talet på seekjarar etter å ha hatt stabilt høg søking i fleire år. Det er vanskeleg å seie om nedgangen skuldast pandemien eller om det også er andre årsaker. Dette er ei viktig utdanning for Høgskulen, og vi vil følgje med på utviklinga og setje inn ekstra rekrutteringstiltak om det er naudsynt.

Verksemdmål 1.2: HVO skal styrke forskingsaktiviteten og auke den vitenskaplege publiseringa

Styringsparametrar

- Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk
- Talet på søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder

Vurdering av resultat og måloppnåing

Førebelse tal på publikasjonspoeng per fagleg årsverk tyder på at vi har hatt ein nedgang frå 0,82 i rekordåret 2020 til 0,4 i 2021. Endelege tal ligg føre i april. Nedgangen var venta. I 2020 var mykje av forarbeidet med publikasjonane gjort før pandemien slo til, medan 2021 har vore påverka av at dei fagleg tilsette har måtta nytte mykje ekstra tid på å legge om undervisninga under pandemien, noko som har gått ut over tid til forskning og skriving. Vidare var det også i 2020 publisert sær mange monografiar. I 2021 var det mange nyttilsettingar blant dei vitenskapleg tilsette etter-som HVO står i eit generasjonsskifte. Det tek litt tid før nyttilsette kjem i gang med publisering.

Det blir arbeidd systematisk for å auke publiseringa. Som eit resultat av at høgskulestyret vedtok å auke forskingsmidlane med 2 mill. kr i budsjett for 2021, vart det tilsett fleire nye professor II-arar som skal vere ei støtte for tilsette for å auke publiseringa.

Det er etablert eit erfaringsforum for forskingsleiarar, og forskingsgruppene har fokus på sampublisering på tvers av kompetansenivå. Det er arrangert fleire motivasjonsseminar for å sende forskingssøknader. Dette resulterte i at det vart sendt fire søknader der vi var prosjekteigar til Forskringsrådet i 2021. Målet for 2021 var at vi skulle sende sju søknader, men i lys av pandemien er vi likevel rimeleg nøgde med resultatet. Vi fekk dessverre ikkje tilslag på søknadene, men vi fekk derimot tilslag på to prosjekt der vi er partner, medan andre institusjonar har prosjektleiinga. Retningslinjene for den interne ordninga såkornmidlar er revidert og spissa mot søknader om eksterne midlar. Det viktigaste tiltaket for å auke tilslaget på forskingssøknader er å auke publiseringa, då omfattande publisering på området er eit viktig kriterium når prosjektleiar og prosjektgruppe blir evaluert i søknader om eksterne midlar.

Verksemdmål 1.3: HVO skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane og FoU-arbeidet

Styringsparametrar

- Verdien av Horisont 2020/Europa-kontraktar per FOU-årsverk
- Andelen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar
- Talet på utvekslingsstudentar – inn- og utreisande
- Andel internasjonale samforfattarskap på tidsskriftartiklar

Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen i Volda har ikkje søkt om midlar frå Horisont Europa i 2021, og vi har for tida ingen EU-finansierte prosjekt. Forskringsadministrasjonen fekk tilslag på prosjektetableringsstøtte for Horisont Europa frå Forskringsrådet. Det blir arbeidd med å lage ein strategi og handlingsplan for Horisont Europa for HVO for å kome i gang med søknadsarbeid dei komande åra.

Vi har hatt ein auke i andelen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av samla antal studentar. Denne parameteren er likevel ikkje eit godt mål på utveksling ved Høgskulen i Volda, då eit fleirtal av studentane ved HVO er registrerte på kortare studieprogram som ikkje tillèt utveksling. Ser ein berre på gradsstudentane, har Høgskulen over år hatt pluss/minus 20 % som har utveksla i løpet av bachelor/mastergraden ved HVO.

Når det gjeld talet på utvekslingsstudentar – inn- og utreisande nådde vi målet for 2021, eit mål som rett nok var justert noko ned grunna pandemien. Utreisande utveksling i 2021 har vore sterkt ramma av pandemien. Våren 2021 var det offisielt mogleg å reise ut, men studentane opplevde det som betre i dei fleste tilfelle å fortsette studia ved HVO. Utveksling hausten 2021 var meir på eit normalt nivå. Når det gjeld innreisande utveksling såg vi ein raskare retur til normalen. Faktisk opplevde vi rekordstore tal for innreisande studentar haustsemesteret 2021.

Det er vedteke ein ny plan for internasjonalisering for åra 2022–2025. Tiltak for å auke utvekslinga er sett i verk, mellom anna vart den andre internasjonale studentkonferansen på MAGLU arrangert våren 2021. Denne gongen var han digital, og det resulterte i stor deltaking. Vi arbeider med å bli betre på å synleggjere moglegheita for utveksling i alle studieplanar.

Verdt å nemne er at vi på sosialarbeidarutdanningane er mellom dei beste i landet på praksis i utlandet, noko som er eit resultat av systematisk arbeid over tid.

HVO har potensial for å bli betre på nasjonalt og internasjonalt forskings- og utviklingsarbeid. Det blir arbeidd med betre stimuleringsordningar for utanlandsopphald for fagleg tilsette, og vi har to Erasmus+ og eit internasjonalt forskingsprosjekt som vi leier.

Tabell til sektormål 1 Styringsparametrar		2019	2020	2021	Ambisjon 2021
Andel bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid	KD	58 %	63 %	66 %	65 %
Andel masterkandidatar som gjennomfører på normert tid	KD	28 %	14 %	39 %	30 %
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten	KD	4,0	3,9	3,9	4,1
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	KD	30	29	28	33
Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk	KD	0,46	0,82	(0,4)*	0,60
Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk	KD	0	0	0	0
Andel utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar	KD	0,9 %	0,4 %	0,7 %	0,8 %
Talet på primær søkerar i samordna opptak	HVO	1 349	1 449	1 400	1 450
Talet på kvalifiserte primær søkerar per studieplass	HVO	1,5	1,5	1,5	1,6
Talet på utvekslingsstudentar - inn- og utreisande	HVO	239	94	149	150
Talet på søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder	HVO	7	3	4	7
Andel internasjonale samforfattarskap på tidsskriftartiklar	HVO	19 %	12 %	(12%)*	20 %

*Førebels estimat. Endeleg tal vert rapportert 1. april.

Sektormål 2 – Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Nasjonale styringsparametrar

- Andelen masterkandidatar sysselsette i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning
- Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk
- Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk

Verksemdmål 2.1: HVO skal vere relevant for samfunnsutfordringane i framtida

Styringsparameter

- Andelen masterkandidatar sysselsette i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning

Vurdering av resultat og måloppnåing

Tal på andelen masterkandidatar sysselsette i relevant arbeid er ikkje tilgjengelege i 2021.

Høgskulen ved Avdeling for kulturfag og Avdeling for medie-fag fekk i 2021 tilslag frå Direktoratet for høgare utdanning

og kompetanse (HK-dir) på eit samarbeidsprosjekt for auka arbeidslivsrelevans i dei praktiske utdanningane. Søknaden vart sendt inn i samarbeid med fire arbeidsplassar i regionen, og fekk fullt tilslag på 5 mill. kr. Prosjektet «Praksis-Oppdrag-Entreprenørskap i medie- og kulturfag» er ei utvikling av samarbeidet om praksisfeltet, utprøving av oppdragsnettverk mellom studentar, arbeidsliv og fagtilsette, og oppretting av entreprenørskapseining for å auke medie- og kulturfaga sin relevans for arbeidslivet.

Satsinga på framtidserferdigheiter, som er eit mål i utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet, skal bidra til at utdanning og forskning ved HVO blir relevant for samfunnsutfordringane i framtida. Søknaden til HK-dir heng også saman med arbeidet med å synleggjere framtidserferdigheiter i studie/emneplanar. Det blir arbeidd med to publiseringar på framtidserferdigheiter, og det er oppretta ei ny forskingsgruppe på framtidserferdigheiter. Sjå rapportering om utviklingsavtalen for meir info.

Satsinga på digitale læringsprosessar i skulen er ein anna aktivitet som skal styrke relevansen for framtidens samfunnsutfordringar. Mellom anna er digitale læringsprosessar sentrale i utviklingsarbeidet i Regional ordning for kompetanseutvikling-



barnehage (ReKomp) og Desentralisert ordning for kompetanseutvikling – skule (Dekomp). Vi har hatt to forskingsprosjekt på området, DigiHand og DigiGlu, der førstnemnde vart avslutta ved utgangen av 2021, medan DigiGlu planlegg ei litt forseinka avslutningskonferanse våren 2022 grunna pandemien.

Verksemdmål 2.2: HVO skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar for utvikling, innovasjon og verdiskaping.

Styringsparametrar

- Bidragsinntekter frå Forskinsrådet per fagleg årsverk
- Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk

Vurdering av resultat og måloppnåing

HVO har ikkje auka BOA-inntektene per tilsett frå Forskinsrådet (NFR) i 2021, men vi har nye NFR-prosjekt under oppstart – eitt som prosjekteigar og to som partnerar. NFR-prosjektet Digi-Hand vart avslutta ved utgangen av 2021, og det har bidratt til auka publisering, intern kompetanseheving og ny kunnskap. Vi held også på med eit NFR-prosjekt for kjønnsbalanse blant dei toppkompetente. Til Forskinsrådets søknadsfristar i februar 2022 har HVO sendt inn seks søknader som prosjekteigar. Vi jobbar kontinuerleg med å heve søknadskompetansen i organisasjonen.

Høgskulen har hatt ein auke i andre BOA-inntekter, men sidan talet på fagleg årsverk også har auka, har vi ikkje lukkast med å betre resultatet på den nasjonale styringsparameteren. Vi hadde ein monaleg auke i inntekt per fagleg årsverk frå 2019 til 2020, og ligg på nivå med 2020 i 2021. I prosjektet «Praksis-Oppdrag-

Entreprenørskap i medie- og kulturfag» som HVO fekk tilslag på i 2021, er den maritime foreininga MAFOSS ein av hovudsamarbeidspartnarane. Midlane kjem til utbetaling i 2022–2025.

Av aktivitetar som skal støtte opp under verksemdmålet om å vere ein attraktiv samarbeidspartnar for utvikling, innovasjon og verdiskaping, held arbeidet med Norsk Innovasjonssenter fram. Det er gjennomført ei ekstern evaluering av satsinga på Seanse – senter for kunstproduksjon, der ein arbeider med arbeidslivsrelevans for kultursektoren. Vidareutvikling av samarbeidet med Møre og Romsdal fylkeskommune og Seanse skal sjåast i lys av evalueringa.

Verksemdmål 2.3: HVO skal ta aktivt del i samfunnsdebatten regionalt og nasjonalt

Styringsparametrar

- Talet på publiserte kronikkar

Vurdering av resultat og måloppnåing

Vi nådde ikkje målet for talet på publiserte kronikkar, og gjekk litt ned samanlikna med 2020. Vi har eit potensial for å bli tydelegare i den offentlege debatten. Dette er på agenda i avdelingane. For å gjere forskarane våre meir tilgjengelege er det utarbeidd ekspertlister for nokre fagområde. Eit kronikkseminar vart arrangert på slutten av året, og medietrening av fagfolk er under planlegging. Det blir også arbeidd med kompetansekatalog ved å forbetre søkefunksjonen for tilsette på nettsidene våre og utarbeide meir konkret omtale av fagprofilen til den enkelte gjennom søkbare nøkkelord.

Tabell til sektormål 2 Styringsparametrar		2019	2020	2021	Ambisjon 2021
Bidragsinntekter frå Forskinsrådet per fagleg årsverk	KD	12	11	11	13
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk	KD	102	128	127	130
Andelen masterkandidatar sysselsette i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning	KD	82 %	91 %	I/T	85 %
Talet på publiserte kronikkar	HVO	39	32	30	35

I/T: Ikkje tilgjengelege tal

Sektormål 3 – God tilgang til utdanning

Nasjonale styringsparametrar

- Kandidattal på lærarutdanningane, jf. måltal

Vurdering av resultat og måloppnåing

Vi har nådd kandidattala for barnehagelærarutdanninga og PPU, noko vi er godt nøgde med. Grunnskulelærarutdanninga har hatt eit «kvileår» utan nye kandidatar grunna omlegging frå 4 til 5-årig utdanning. Dei seks kandidatane som er uteksaminerte på GLU i 2021, er kandidatar på 4-årig utdanning som har vore forseinka.

Verksemdmål 3.1: HVO skal vere god på fleksible utdanningar som kan takast uavhengig av tid, stad og livsfase

Styringsparametrar

- Talet på studentar på nett- og desentralisert undervisning

Vurdering av resultat og måloppnåing

Vi har hatt fleire studentar på nett- og desentralisert undervisning enn vi hadde ambisjon om. Høgskulen er oppteken av å tilby fleksible utdanningar som kan takast uavhengig av tid, stad og livsfase, samtidig som vi må behalde ein god balanse mellom fjerntstudentar og studentar som er på Høgskulen til dagleg. Vi er derfor nøgde med det nivået vi har no.

Det har vore eit stort løft når det gjeld digital undervisning som følge av pandemien, men også fordi vi har fått nye undervisningsrom og arbeidd systematisk med opplæring av tilsette og utvikling av nye undervisningsformer. Det er sendt fleire HK-

dir-søknader om utvikling av digital undervisning, både der vi er prosjektleiar og i samarbeid med andre.

Verksemdmål 3.2: HVO skal styrke Volda som regional studiestad

Vurdering av resultat og måloppnåing

Hausten 2021 stod det nye Sivert Aarflot-huset ferdig. Medieutdanningane er no samla i eit topp moderne mediehus, og det er eit enormt løft for utdanningane og høgskulen.

Det neste store prosjektet på høgskuleområdet er ombygging av Hans Strøm-huset til meir opne studentareal og undervisningsrom som legg til rette for studentaktiv læring og samhandling. I 2021 har det vore gjennomført ein moglegheitsstudie og eit forprosjekt, og prosjektet er lyst ut på anbod i starten av 2022. Høgskulen har motteke 10 mill. kr i støtte frå Kunnskapsdepartementet til prosjektet.

Elles arbeider Høgskulen med andre tiltak i Høgskulen sin campusutviklingsplan som vart vedteken hausten 2020. Mellom anna skal vi etablere meir opne samhandlingsareal på heile høgskuleområdet, både ute og inne, og vi er i gang med å setje i verk tiltak for å legge betre til rette for miljøvennleg transport til Høgskulen.

Norsk innovasjonssenter er eit viktig samarbeidsprosjekt mellom Høgskulen, Volda kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Sunnmøre kulturnæringshage. Føremålet med etableringa er å skape ein samhandlingsarena der regionalt og nasjonalt næringsliv, HVO sitt fagmiljø og studentar, helseføretak, kommunar og innbyggjarar i regionen kan nyskape saman. Norsk innovasjonssenter skal etablerast på høgskuleområdet i det nye Aasen-kvartalet som er under planlegging i regi av eit kommunalt utviklingsselskap. I 2021 har det vore lyst ut arkitektkonkurranse og planlagd byggstart er hausten 2023.

Tabell til sektormål 3 Styringsparametrar		2019	2020	2021	Måltal/ ambisjon 2021
Kandidattal på helse- og lærarutdanningane	KD	233	180	174	131
Kandidattal GLU 5–10	KD	40	25	3	0*
Kandidattal GLU 1–7	KD	26	15	3	0*
Kandidattal BLU	KD	77	70	89	59
Kandidattal PPU	KD	90	70	79	72
Talet på studentar på nett- og desentralisert undervisning	HVO	1 395	1 325	1 407	1 200

* Grunna omlegging frå 4-årig til 5-årig GLU-utdanning skulle det i utgangspunktet ikkje bli uteksaminert kandidatar i 2021.



Sektormål 4 - Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem

Nasjonale styringsparametrar

- Talet på studiepoeng per fagleg årsverk
- Andel kvinner i dosent- og professorstillingar
- Andel mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar

Verksemdmål 4.1: HVO skal ha ein tydeleg profil og vidareutvikle samarbeidet med andre UH-institusjonar

Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulestyret vedtok ny strategiplan for Høgskulen i Volda 2022-2029 i desember 2021. Høgskulen sin nye visjon «Kompetanse for eit betre samfunn» og strategien tydeleggjer profilen til Høgskulen som ein profesjonsretta høgskule med høge faglege ambisjonar, som bygger på samfunnsvitskap og humaniora.

Vi har ikkje teke initiativ til nye samarbeid med andre UH-institusjonar då det var naturleg å vente på den interne strategiprosessen vår. Vi har formelle samarbeidsavtalar med Høgskolen i Molde og NTNU om ph.d-utdanning og master i helseleing. Vi har etablert to nye samarbeidsavtalar om forskarskular.

Verksemdmål 4.2: HVO skal arbeide for eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø

Styringsparametrar

- Talet på studiepoeng per fagleg årsverk
- Andel kvinner i dosent- og professorstillingar
- Andel mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar
- Andel førstestillingar av samla årsverk i undervisnings- og forskarstillingar
- Andel kvinner av tilsette med førstekompetanse
- Gjennomsnittleg sjukefråvær per år

Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen nådde målet for talet på studiepoeng per fagleg årsverk. Vi ligg ein del over sektoren, og har over år bygd det ned for å styrke kvaliteten i undervisninga og gi meir tid til forskning for dei tilsette. På sikt bør vi nok endå meir ned for å redusere arbeidspress og sikre tid til kompetanseheving.

Høgskulen har ein liten reduksjon i andel mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar, og nærmar seg det nasjonale gjennomsnittet. Dette har vi oppnådd fordi vi i større grad har tilsett i faste stillingar, sjølv om finansieringa er basert på kortsiktige midlar. Vidare har Høgskulen ein høg andel høgskulelektorar grunna ein vanskeleg rekrutteringssituasjon i distriktet, og vi har derfor satsa på intern kompetanseutvikling. Mange fast tilsette får dermed permisjon for å ta doktorgrad eller kortare FoU-stipend, noko som fører til behov for vikarar. Høgskulen

har også ein liberal permisjonspolitik, då vi ønskjer at tilsette skal ha god kontakt med praksisfeltet. Framover vil vi i større grad tilsette i fast stilling i staden for vikariat når fast tilsette har lengre permisjonar.

Vi nådde ikkje måla når det gjeld andel kvinner i dosent- og professorstillingar. Vi arbeider målretta med utvikling av toppkompetanse generelt og kvinneleg toppkompetanse særskild. I 2020 fekk vi tilslag på Balanse-midlar frå NFR, og har mellom anna innført ei mentorordning for kvinnelege forskarar. Ei av tre som fekk opprykk til toppstilling i 2021 var kvinner, i tillegg fekk ei kvinne opprykk i januar 2022. Ser vi på andel kvinner med førstekompetanse har vi eit godt rekrutteringsgrunnlag for vidare kompetanseutvikling med 45 % kvinner. Her var målet 50 % kvinner med førstekompetanse. På mange fagområde er det utfordrande å rekruttere førstekompetanse eksternt, og Høgskulen satsar derfor sterkt på kompetanseutvikling internt. Av 8 som fekk opprykk til førstemanuensis eller førstelektor i 2021 var det 3 kvinner.

Andel tilsette (både faste og mellombels tilsette) med førstekompetanse er på 53%, opp frå 52% i fjor. I utviklingsavtalen har vi eit mål om å nå 60 % andel blant fast tilsette i løpet av 2022. Vi er tett ved å nå dette målet. Vi har arbeidd målretta med utvikling av kompetanse, gjennom mellom anna opprykkseminar, auka rettleiing, fleire stipendiatstillingar, med meir.

Høgskulen har eit mål om å implementere prinsippa i Charter and Code, og har dialog med andre institusjonar om korleis ein gjer det på best mogleg måte.

Sjukefråværet gjekk opp frå 6,0 % i 2020 til 6,9 % i 2021, mot mål 5,5 %, noko vi ikkje er nøgd med. I 2021 har det vore arbeidd systematisk med opplæring i sjukefråværsoppfølging og oppfølging av nærversprosjekt i utvalde avdelingar som vart starta i 2020.

Arbeidsmiljøundersøkinga ARK vart rulla ut i november 2021, og einingane er no i gang med å arbeide med resultat og vidare oppfølging.

Verksemdmål 4.3: HVO skal effektivisere drifta

Styringsparametrar

- Driftskostnader per avlagd 60-studiepoengeining (1.000 kr)
- Forholdstal mellom tilsette i undervisnings- og forskarstillingar og talet på administrative stillingar

Vurdering av resultat og måloppnåing

Vi har hatt ein auke i driftskostnader per avlagde 60 studiepoeng, noko som var i tråd med målsettinga. Over år har vi hatt ein stor auke i studenttalet, samstundes som administrasjonen ikkje har auka tilsvarende. Det har vore behov for å auke den administrative bemanninga noko for å halde oppe kvaliteten.

Tilsvarende har det vore eit mål å redusere forholdstalet mellom tilsette i undervisnings- og forskarstillingar og talet på admin-

istrative stillingar. Vi reduserte med litt meir enn målsettinga, resultatet for 2021 vart 2,6 faglege per administrative stilling mot mål 2,7. Dette er om lag på gjennomsnittet i sektoren og er ein god balanse, slik vi ser det.

Høgskulen i Volda arbeider med å effektivisere drifta på mange område, både gjennom vidare arbeid med prosesskartlegging og implementering av system. Vi er godt i gang med implementering av fellesløysinga Arbeidslivsportalen, og har også starta opp implementeringa av Panopto, ei fellesløysing for digital undervisning. På eigen kjøp har vi sett i gang eit prosjekt med automatisering av enkle prosessar (RPA - Robotic Process Automation), vi

implementerer NOA – eit digitalt system for oppmøteregistrering, og vi tek i bruk årshjulsystemet PlanDisc som skal sikre betre planlegging av aktivitetar på tvers i organisasjonen. Vi arbeider også med å bygge felles kultur på tvers av dei administrativt tilsette sentralt og ute på avdelingane, for å skape større forståing for kvarandre og samhandle betre og meir effektivt i heile organisasjonen.

KD sin nye strategi for digital omstilling i universitets- og høgskulesektoren vil vere viktig for oss i arbeidet med handlingsplanar for å realisere den nye strategien til Høgskulen i Volda.

Tabell til sektormål 4 Styringsparametrar		2019	2020	2021	Ambisjon 2021
Talet på studiepoeng per fagleg årsverk	KD	636	643	631	630
Andel kvinner i dosent- og professorstillingar	KD	28 %	25 %	25 %	30 %
Andel mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar	KD	17 %	15 %	14 %	12 %
Driftskostnader per avlagd 60-studiepoengeining (1 000 kr)	HVO	152	154	161	163
Forholdstal mellom tilsette i undervisnings- og forskarstillingar og talet på administrative stillingar	HVO	2,9	2,8	2,6	2,7
Andel førstestillingar av samla årsverk i undervisnings- og forskarstillingar	HVO	49 %	52 %	53 %	55 %
Andel kvinner av tilsette med førstekompetanse	HVO	46 %	45 %	45 %	50 %
Gjennomsnittleg sjukefråvær per år	HVO	6,9 %	6,0 %	6,9 %	5,5 %

Utviklingsavtalen med KD (2019–2022)

Mål 1. Lukkast med planen for nye grunnskulelærarutdanningar

Mål: Høgskulen i Volda skal utvikle ei kvalitativt god og særmerkt femårig grunnskulelærarutdanning med digital og internasjonal profil.

Status på måleparametrar:

1. Gjennomføre kompetansehevingsprosjektet DigiGlu («Digitalisering av grunnskulelærarutdanning») i tråd med prosjektplanen.

I samråd med DIKU og Udir vart prosjektet forlenga ut våren 2021. Våren 2021 vart det jobba for å sikre at tiltaka i prosjektet vil halde fram etter prosjektslutt. Prosjektet gjennomførte interne miniseminar med erfaringsutveksling mellom dei ulike einingane ved HVO og var godt representert på Lærarutdanningskonferansen 2021 med fleire innlegg. Vidare vart det jobba med sluttrapporten av prosjektet.

2. Utvikle samarbeid med lærarutdanningsskular (partnarskular).

Frå 2018 har HVO hatt eit partnerskapssamarbeid med to lærarutdanningsskular (LU-skular), Velle skule i Ørsta og Øyra skule i Volda. Fagmiljøa ved Høgskulen har lenge etterspurt ein ungdomsskule som samarbeidspart, og sommaren 2021 kunne vi ønskje Ulstein ungdomsskule velkommen inn i partnerskapssamarbeidet.

Med ein utfordrande smittesituasjon har det vore færre fysiske møte enn ønskjeleg siste året, men det har likevel vore aktivitet og utvikling i partnerskapssamarbeidet:

- LU-samarbeid var tema på digitalt GLU-seminar januar 2021 der både rektor og praksislærer frå LU-skular og faglærarar frå Høgskulen delte erfaringar frå LU-samarbeidet.
- Hausten 2021 vart det tilsett to praksislærarar i delte stillingar ved Høgskulen. Dei to lærarane er tilsette i kvar si 20% kombinasjonsstilling, og er knytte til fagområda norsk og samfunnsfag. Ei delt stilling knytt til arbeid med rettleiingsappen MOSO som blir brukt i praksis, har også vorte vidareført.
- Praksislærarar og studentar har gitt tilbakemelding om at dei ønskjer ei endring av korleis vi arbeider med vurdering i praksis i grunnskulelærarutdanningane. Hausten 2021 vart det nedsett ei arbeidsgruppe med studentar, praksislærarar, faglærarar og representantar frå GLU som i regi av LU-samarbeidet drøftar arbeid med vurdering i praksis. Dette vil resultere i nye vurderingsskjema for praksis frå hausten 2022.

3. Styrke det internasjonale perspektivet i grunnskulelærarutdanningane ved HVO.

Den internasjonale satsinga til grunnskulelærarutdanningane ved HVO vart også i 2021 påverka av korona-pandemien. Studen-

tane fekk til dømes i år ikkje moglegheit til å reise på internasjonalt semester, slik som er vanleg i fjerde semester, og ingen studieturar til utlandet vart gjennomført.

Den internasjonale lærarutdanningskonferansen, ITS Volda 2021, vart gjennomført digitalt med fleire spanande presentasjonar frå inn- og utland. Dette vart ei god erfaring med 116 studentdeltakarar frå HVO, samt partnerinstitusjonane Åbo Akademi (Finland), Profesjonshøgskolen Absalon (Danmark) og Pädagogische Hochschule Tirol. Konferansen fekk gode tilbakemeldingar og opna opp moglegheita for å ha fleire deltakarar enn ved fysisk konferanse.

3MAGLU fekk i 2021 igjen høve til å ha haustpraksis i Spania. Fire av studentane var på den internasjonale skulen i Zaragoza og seks studentar var på Den norske skolen i Malaga. Dette er eit attraktivt tilbod som vi har stor søking til, og særleg praksisopplæringa i Malaga får svært gode tilbakemeldingar frå studentane.

4. Styrke rettleiarkompetansen i grunnskulelærarutdanningane i samband med masteroppgåva, i tråd med behova ved innføring av ny grunnskulelærarutdanning på masternivå.

Dei tilsette ved HVO får tilbod om ulike høgskulepedagogikkurs i rettleiing. I 2021/22 tilbyr vi eit kurs i rettleiing på mastergradsnivå samt eit kurs i rettleiing på kvantitativ metode.

Formålet med kurset rettleiing på mastergradsnivå er å gi deltakarane praktisk og teoretisk innsikt i rettleiing som læringsform knytt til mastergradsnivå. Emnet er forankra i rettleiingspedagogikk som er tilpassa dei ulike konkrete studieprogramma ved Høgskulen i Volda. Emnet gir brei og tverrfagleg innsikt i problemorientert rettleiing, både individuelt og i gruppe. Eit sentralt tema er å støtte faglærar i utfordringar i rettleiinga av eigne mastergradsstudentar, og studiet skal stimulere til kontinuerleg utvikling av den pedagogiske kompetansen til faglæraren. Formålet med kurset rettleiing på kvantitativ metode er å gje deltakarane praktisk og teoretisk innsikt i kvantitativ forskingsmetode.

I tillegg har fleire av fagmiljøa, t.d. institutt for pedagogikk og institutt for realfag, oppretta eigne grupper for fagtilsette som er rettleiarar på masteroppgåvene i MAGLU. Målsetjing er erfaringsdeling knytt til sjølve prosessen rundt rettleiinga, framdriftsplan, problemstilling, metode og tematikk.

Mål 2. Styrke posisjonen som ein framifrå studiestad for yrkesretta medieutdanning i Noreg

Mål: Vidareutvikle Høgskulen i Volda sin posisjon som ein framifrå studiestad for yrkesretta medieutdanning i Noreg ved å satse på teknologi, kompetanseheving, undervisningslokale og nærleik til praksisfeltet.

Mediefaga har hatt ei sterk strategisk forankring ved Høgskulen i Volda i mange år og har utdanna mediefolk i over femti år. Avdelinga flytta inn i nye lokale, Sivert Aarflot-huset, i august 2021. Alle studieprogramma er no samla under eitt tak, og forholda ligg til

rette for synergjar på tvers av utdanningane og for utvikling av dei enkelte studieprogramma. Det har vore investert i nytt utstyr og programvare og vi ventar at dei gode fasilitetane skal gjere AMF meir konkurransedyktige og auke søkinga til studia.

Status på måleparametrar:

1. Bygge om bachelorgradene Medieproduksjon og Mediedesign til to ulike løp med tydelegare yrkesretning.

Då utviklingsavtalen vart vedteken, var bachelorprogramma Medieproduksjon og Mediedesign, som opphavelg var eit program, nyleg delt i to program. Ein såg nokså raskt at dette likevel ikkje var ein berekraftig modell over tid, då talet på studieplassar for kvart program vart for lågt. I 2019 vart det vedteke å ikkje ta opp studentar på Mediedesign framover, blant anna fordi fagmiljøet var lite robust og tilbakemeldingane frå studentane ikkje dei beste. Studieplassane frå Mediedesign har sidan 2019 gradvis vorte overført til Medieproduksjon og PR/Kommunikasjon for å gje desse studieprogramma betre berekraft i form av auka tal på studentar og på sikt auka studiepoengproduksjon. Det siste kullet på Mediedesign blir uteksaminert våren 2022.

På Medieproduksjon starta dei nye studentane hausten 2021 på eit revidert og framtidsretta studieprogram. Revisjonen inneber bl.a. eit nytt fokus på medievitskap, men også på utvikling av nye forteljarformer og entreprenørskap. Det nye Sivert Aarflot-huset gir utdanninga eit løft ved å tilby nye produksjonsfasilitetar og verkstader som gir høve til eksperimentering og utprøving av ulike element i medieproduksjonsutdanninga.

2. Utvikle ein innovativ, digital medielab saman med studentane våre og dei tilsette. Føremålet er at medieutdanninga i Volda skal ligge i forkant av den raske utviklinga i mediebransjen og å møte behov for digital kompetanse i samfunnet.

I det nye Sivert Aarflot-huset er det satt av lokale til ein «Framtids Lab», som skal kunne nyttast av studentar og tilsette som eit framtidslaboratorium for forsøk og utvikling innanfor ulike mediefag. Det var i første runde ikkje midlar til å innreie lokala med utstyr, men no har avdelinga fått investeringsmidlar til å byrje å innreie Framtidslaben med utstyr og programvare som legg til rette for eksperimentering og utprøving både for forskarar, undervisarar og studentar kvar for seg – og saman.

3. Utvikle nye og vidareutvikle eksisterande samarbeidsprosjekt, praksisutplassering og utvekslingsavtalar med bransjeaktørar, mediehus og internasjonale FoU-samarbeid. (Blir evaluert i årleg rapport om studieprogramporteføljen og den årlege forskingsmeldinga til HVO).

Alle studieprogramma ved AMF har praksisperiodar der studentane får tilbod om eit opphald i ei relevant mediebedrift. Gjennom tilbakemeldingane frå studentane og praksisstadene får vi et godt inntrykk av om utdanningane treffer praksisfeltet sitt behov. Tradisjonelt har det ikkje vore problem for studentar å

få praksisplassar, men pandemien har vist seg å påverke denne situasjonen negativt. Det har difor vore naudsynt å legge til rette for internt praksis-opplegg på nokre studieprogram.

Studieprogramma har jamleg besøk frå bransjerepresentantar, både i undervisninga, ved festivalane våre (Animation Volda og Dokfilm) og seminar. Undervisarar og forskarar er dessutan jamleg i kontakt med bransjen, til dømes gjennom bedriftsbesøk og bransjekonferansar. Fleire av dei tilsette på animasjon og journalistikk er sjølve utøvande kunstnarar og/eller produsentar, og dette gir fagmiljøet ein ekstra dimensjon når det gjeld bransjetilknytning.

På det internasjonale feltet har AMF samarbeid med Fachhochschule Kiel om ein dobbeltgrad både på BA-nivå og MA-nivå. På Masternivå har AMF i 2021 signert ein dobbeltgradavtale med den tyske høgskulen Hochschule RheinMain (HSRM). Avdelinga har omfattande utveksling av studentar med utlandet – begge vegar. AMF har andel i ein Norway Grant søknad frå SWPS Wrocław, Polen, som gir høve til fleire innvekslingsstudentar frå SWPS i studieåret 2022–23, samt til ulike typar undervisarsamarbeid.

Å utvide samarbeid om FoU med dei utanlandske partnerane våre er eit viktig satsingsområde for AMF og fleire av forskargruppene ved AMF har større og mindre samarbeid med internasjonale partnerar.

I 2021 har vi halde fram med arbeid knytt til ein fleirårig kontrakt med Medietilsynet om vurdering av medieinnhald med rett på støtte. Vi har også fått midlar frå Rådet for anvendt medieforskning og Pressens faglitterære fond til forskning og bok på pressestøtta. Vi har også fått eit NFR-prosjekt i samarbeid med UiB, NRK, Hidden og «Dovreprosjektet» om utvikling av lokasjonsbaserte informasjonssystem. AMF er dessutan involvert i ei rekkje prosjekt der Institutt for kommunikasjon har ansvaret for forskingsformidling i samarbeid med andre forskingsmiljø og industrien.

Avdelinga har i 2021 arbeidd med ein NFR-søknad saman med Universitetet i Oslo. Denne vart sendt inn i februar 2022. Prosjektet har tittel «Scientific Renewal Regulatory options for digital information».

Saman med Avdeling for kulturfag vart AMF på slutten av 2021 tildelt 5 mill. kr over tre år til prosjektet «Praksis-Oppdrag-Entreprenørskap i medie- og kulturfag», ei satsing på arbeidslivsrelevans i medie- og kulturfaga. Arbeidet på prosjektet har starta.

AMF er også involvert som ein av tre partnerar i arbeidslivsrelevansprosjektet «TekLab bedrift», her vil avdelinga få omlag 1,2 mill. NOK over tre år, samt høve til samarbeid med ei rekke teknologiverksemder.

4. Sende søknad om SFU innanfor tematikken digital mediepraksis.

Avdelinga arbeider med ein søknad om å bli SFU med utgangspunkt i journalistikk, og denne skal sendast inn i april 2022.

Mål 3. Ha fagleg fokus på utvikling av ferdigheiter for framtida (Future skills)

Mål: Høgskulen ønskjer i utviklingsavtalen å arbeide tverrfagleg med eit framtidsperspektiv på kunnskap for at utdanningane og forskinga vår skal vere best mogleg tilpassa dei behova samfunnet har i framtida.

Status på måleparametrar:

1. Arbeide vidare med det teoretiske grunnlaget for ferdigheiter for framtida i fagmiljøa på HVO ved å drive tverrfagleg forskning og publisering, og utvikle nettverk og prosjekt nasjonalt og internasjonalt.

I 2021 har HVO halde fram arbeidet med å vidareutvikle det teoretiske kunnskapsgrunnlaget for ferdigheiter for framtida gjennom ein systematisk gjennomgang av internasjonal forskingslitteratur. To kunnskapsoversikter er under fagfellelvurdering i internasjonale tidsskrift på NVI-nivå 2 med høg impact factor. I den eine er betydninga av kreativitet som ein sektorovergripande handlingskompetanse sentral. I den andre kunnskapsoversikten kjem det fram at elevar si oppleving av å få støtte frå lærar er eit kritisk punkt i eiga læring og utvikling.

HVO arbeider systematisk mot å kome fram til ei felles forståing av creative wellbeing som fag- og sektorovergripande framtidskompetanse. Kunnskapen korresponderer bra med næringslivets behov for endringskompetanse.

I 2021 var det utlyst 2 ph.d-stillingar i Creative Wellbeing frå Avdeling for Kulturfag, med planlagd tilsetjing i mars 2022.

2. La læringsutbytteformuleringar i utdanningane våre få tydelege framtidsperspektiv og tilby framtidsferdigheiter som emne i etablerte utdanningar.

Det er krevande å innføre ei heilskapleg forståing av framtidskompetanse i organisasjonen. Vi oppfattar ferdigheiter som noko som er relevant for livet i det heile, og ikkje berre som transaksjon – som noko instrumentelt. HVO har eit mål om å utvikle god praksis på grunnlag av denne heilskaplege kunnskapen, og vitskapleg tilsette frå tre avdelingar ved HVO er med på dette.

Ferdigheiter for framtida er innarbeidd i akkrediteringssøknaden til Master i kulturfagleg praksis som er under utvikling på Avdeling for kulturfag og der første søknad om akkreditering vart sendt til NOKUT i september 2021.

I arbeidet med å dekke behovet for kompetanse knytt til ferdigheiter for framtida i regionen, bidrar HVO som kompetansepolitisk aktør gjennom arbeidslivsrelevansprosjektet Praksis, Oppdrag og Entreprenørskap (POE). POE-prosjektet (2022–2024) er eit innovasjonspartnerskap der HVO, saman med samarbeidspartnarar frå regionalt næringsliv mellom anna kvalitetssikrar praksisavtalane i medie- og kulturstudia ved HVO.

3. Styrke og vidareutvikle det faglege innhaldet i regionale og internasjonale innovasjonspartnerskap ved å gi framtidsferdigheiter ei tydeleg rolle.

Som ei oppfølging av kunnskapsstatusen, har forskingsgruppa Future Skills Lab under arbeid fleire strategiske prosjekt. Omgrepet creative wellbeing sameinar budskapet frå kunnskapsgrunnlaga. HVO har utvikla nettverk med internasjonale fagmiljø på området.

HVO sette i gang fleire konkrete utviklingsarbeid i 2021 for å gi framtidsferdigheiter ei tydeleg rolle. Symposiet «Creative wellbeing across disciplines» er akseptert til den internasjonale EE-CCP konferansen på Island i 2022. Dette er ein sentral del av den internasjonale nettverksbygginga på feltet. Det er også inngått ein avtale om bokutgjeving gjennom eit internasjonalt forlag.

HVO har i 2021 arbeidd vidare med realisering av Norsk Innovasjonssenter AS i Volda (tidlegare Volda Kunnskapspark) der HVO har styreleiarrolla. Norsk Innovasjonssenter skal bidra til å realisere HVOs mål om å inngå eit innovasjonspartnerskap med det regionale arbeids- og kulturlivet.

Som ei naturleg forlenging av både kunnskapskartlegginga, utvikling av læringsutbytteformuleringar og det å gje framtidsferdigheiter ei tydeleg rolle i framtidige innovasjonspartnerskap innafor kulturfaga, har Avdeling for kulturfag (AKF) i 2021 inngått ein samarbeidsavtale med Sunnmøre kulturnæringshage om gjennomføring av prosjektet Innovasjon og arbeidslivsrelevans (IOA). Hovudmålsettinga med IOA prosjektet er å vidareføre og styrke arbeidet med korleis ein kan lære og utøve endringskompetanse.

Mål 4. Rekruttering og utvikling av toppkompetanse

Mål: HVO skal over tid rekruttere og utvikle toppkompetanse for å gi Høgskulen, studentar og arbeidslivet tilgang til høg og oppdatert kunnskap.

Status på måleparametrar:

1. Ved slutten av avtaleperioden (dvs. 31. desember 2022), er prosenten fast fagtilsette med førstekompetanse 60 % og med toppkompetanse 15 %, 1/3 av dei sistnemnde kvinner.

Per 2021 er det ved HVO i alt 183,7 årsverksbidrag frå tilsette i fast vitskapleg stilling. Av desse årsverksbidraga er:

- Toppkompetente (professor/dosent): 13 %
- Minst førstekompetente (førstekompetente og toppkompetente): 59 %
- Kvinner blant toppkompetente: 25 %

Andelen minst førstekompetente har auka litt samanlikna med 2020, medan delen toppkompetente har gått litt ned. Etter at tala var registrerte i DBH, er det ei tilsett som har fått professorkompetanse, så reelt sett er andelen stabil. Andelen med minst førstekompetent er 59 % av årsverka, det vil seie at HVO nærmar seg



målet om 60 prosent minst førstekompetente i løpet av 2022. Andelen kvinner blant toppkompetente har auka frå 24 % i 2020 til 25 % i 2021. Medrekna den tilsette som fekk professoropprykk etter registrering i DBH er talet 28 %. Det vil seie at vi har bra kurs framover mot auka andel kvinner blant dei toppkompetente ved HVO.

Høgskulen har fått midlar frå NFR til eit prosjekt – Balanseprosjektet - som særleg er retta mot toppkompetanse ved HVO, og å betre balanse mellom kvinner og menn. I samband med prosjektet er det sett i gang fleire tiltak, mellom anna etablert eit nettverk for kvinner i forskinga. HVO har mange kvinner blant tilsette med førstekompetanse, og det er eit godt utgangspunkt for å få endå fleire toppkompetente kvinner. Men vi treng også fleire menn med toppkompetanse, så desse to måla må sjåast i samanheng med kvarandre.

Det er variasjon i kompetansenivå mellom avdelingane og mellom studieprogram innanfor avdelingar. HVO arbeider med auke kompetanse generelt, men det er grunn til å arbeide spesifikt med å få opp kompetansen i fagmiljøa i nokre av studieprogramma

og framover vil det bli arbeid med kompetanseutviklingsplanar for å få til det.

Fram til sommaren 2021 hadde HVO ein professor II med særleg kompetanse i rettleiing. Professoren hadde ansvar for å bygge opp eit studiepoenggivande kurs i rettleiing, eit i pedagogisk basiskompetanse og vidare kompetanse på HVO til å drifte desse kursa vidare. Tilsette på HVO får no jamleg tilbod om desse kursa. Tiltaket har gitt resultat i form av at fleire tilsette har fått og er i ferd med å oppnå pedagogisk basiskompetanse på bakgrunn av utdanning.

2. Auke inntektene frå NFR og andre eksterne FoU-inntekter.

Alle avdelingane ved HVO arbeider målretta for å auke inntektene frå NFR og andre eksterne finansieringskjelder, og det gir resultat. I desember 2020 fekk HVO tilslag (maks utteljing) på NFR-midlar til eit stort forskingsprosjekt. Prosjektet har tittelen Mandatory Reporting of Intimate Partner Violence. HVO er prosjekteigar, og Høgskolen i Molde og Politihøgskolen er samarbeidspartar. Finansiering frå NFR er på vel 11 millionar kroner, med ein stor

andel eigenfinansiering i tillegg. Både professorstipend, forskarstillingar og ph.d.-stipendiatar blir ein del av prosjektet, som såleis vil bidra til både vitenskapleg publisering, rekruttering og utvikling av toppkompetanse ved HVO. Inntektene frå prosjektet byrja å kome frå og med 2021, då arbeidet vart sett i gang.

HVO har – i februar 2022 - sendt i alt seks søknader til NFR. Tre store forskarprosjekt og tre samarbeidsprosjekt.

Vi veit det er stor kamp om midlane, og planen er klar for bearbeiding av desse søknadene, dersom det ikkje blir tilslag i første omgang. Tilsette ved HVO er også involverte i fleire NFR-søknader der andre institusjonar er prosjekteigarar.

Fagmiljø ved HVO arbeider elles med FoU-prosjekt med finansiering frå Regionale forskingsfond, fylkeskommunar, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Utdanningsdirektoratet, Helse- og omsorgsdepartementet, Rådet for anvendt medieforskning, kommunar i regionen, mfl.

BOA-inntektene (ekskl. NFR) var i 2021 på 127.110 per fagleg årsverk, medan talet i 2020 var kr 128.010 per fagleg årsverk, dvs. ein liten nedgang.

Bidragssinntekter frå NFR var i 2021 på kr 11.450 per fagleg årsverk, og det er ein liten auke frå 2020. Dei samla eksterne inntektene per fagleg årsverk var kr 138.560 i 2021 (139.090 i 2020). Ordningane knytte til lokal kompetansebygging (ReKomp og DeKomp) utgjer ein stor andel av dei eksterne inntektene. Sjølv om eksterne inntekter samla sett har gått litt ned frå 2020 til 2021, er det positivt at bidragssinntektene frå NFR har auka.

3. Auke publiseringspoeng per fagleg årsverk til 0,65 og til 40 formidlingspoeng per fagleg årsverk

I 2020 var HVO - med 185 poeng totalt og 0,82 publiseringspoeng per fagleg årsverk – over målet i utviklingsavtalen, som seier 0,65 poeng per årsverk. Vi veit at 2020 var eit uvanleg godt publiseringssår, og vi ventar nedgang i tala for 2021. Utifrå eit førebels estimat, ser det ut til at talet blir 0,4 poeng per fagleg årsverk. I 2019 var talet 0,46 poeng per fagleg årsverk. Talet svingar og det varierer mellom avdelingar, og det er gjerne dei same fagmiljøa som står for vesentleg andel av publiseringspoenga. I ny strategiplan er kultur for forskning framheva, og vi vil setje i verk tiltak for at fleire skal forske og publisere vitenskapleg, på den måten vil vi prøve å mobilisere til at fleire bidreg for å auke talet på publiseringspoeng.

HVO arbeider målretta med publisering, mellom anna gjennom strategisk arbeid via ulike tiltak ved avdelingane og gjennom forskingsgruppene, som får støtte til publiseringssaktivitet.

2021-tala for interne FoU-poeng (formidling) var ikkje klare på rapporteringstidspunktet.

Rapportering på andre område

Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt

I august 2021 stod det nye Sivert Aarflot-huset ferdig. Huset samlar alle medieutdanningane og er eit kurantprosjekt som Høgskulen har finansiert utan auka løyving gjennom husleigeavtalen til Statsbygg. Samfunns- og effektmål for prosjektet er definert som følgjer:

Samfunns- og effektmål

Medias verktøy og arbeidsprosessar er inne i ei rivande utvikling og blir tekne i bruk på stadig nye samfunnsområde. Det nye mediehuset skal sikre grunnlaget for forskning, utvikling og utdanning av høg kvalitet. Det vil også fungere som ein verdifull møteplass mellom mediebransjen og akademia.

Målet er at Høgskulen i Volda skal kunne levere endå betre kandidatar til landets viktigaste mediearbeidsplassar. Huset skal medverke til at HVO framleis blir den leiande medieutdanningsinstitusjonen i landet.

Effektmål

Nytt mediebygg vil samle mediemiljøet ved HVO, og vil difor gi betre økonomi både når det gjeld utnytting av undervisningsressursane og arealet ved at vi ikkje erstattar alle undervisningsromma i Ivar Aasen-huset som vi flyttar ut av. Ein annan effekt er at nybygget gir grunnlag for eit meir solid fagmiljø. Det vil også gjere det meir attraktivt å studere i Volda og såleis vere med på å sikre rekrutterings- og driftsgrunnlaget for HVO.

Eit nytt hus legg betre til rette for utvikling av nye digitale undervisningsformer. I tillegg til styrking av medieutdanning, medieforskning og medieutvikling vil det nye bygget også legge til rette for at andre utdanningar som lærarutdanning, sosialt arbeid, planlegging, kulturfag og humanistiske fag kan ta i bruk meir moderne medieverktøy både i campusundervisning og i ulike fjernstudium.

Huset har vore i drift i eit halvt år og det er derfor for tidleg å konkludere på måloppnåing. Alt ligg likevel til rette for å nå både samfunns- og effektmål, og sjølv om det er nokre barnesjukdommar ein må løyse, opplever Høgskulen at huset har gitt medieutdanningane eit stort løft. Høgskulen har investert 29 mill. kr i topp moderne medieteknisk utstyr og inventar for at huset skal nå dei ønska måla. Medieteknisk har det vore eit stort framsteg og ei heilt naudsynt oppgradering for å kunne tilby studentane ei arbeidsrelevant og framtidsretta utdanning. Både fagmiljøet og studentane er tettare på kvarande, og lokala legg godt til rette for fagleg samarbeid og eit godt læringsmiljø. Høgskulen hadde ein auke i søknadstala til medieutdanningane til studieåret 2021/2022, og vi trur det nye huset er ei medverkande årsak.

I den første driftsfasen har vi prioritert at medieutdanningane

kjem på plass i det nye huset, men etterkvart blir det også lagt til retta for at andre utdanningar kan nytte dei moderne medie-verktya til undervisning. I 2022 er det sett av investeringsmidlar til å utstyre framtidslaben, eit lokale som det ikkje var rom for å utruste innanfor dei første 29 mill. kr i investeringar. Mediefag vil administrere utlån av framtidslaben til andre fagmiljø.

Oppgradering av forskings- og læringsareal, midlar frå kap. 275 post 45

Høgskulen i Volda fekk tildelt 10 mill. kr til oppgradering av Hans Strøm-huset i supplerande tildelingsbrev juni 2021. Etter tildelinga har Høgskulen i samarbeid med Statsbygg gjennomført forprosjekt for å utarbeide konkurransegrunnlag.

I løpet av forprosjektet rådde Statsbygg til at Hans Strøm-prosjektet blir oppskalert, då mange tiltak heng saman og det er fornuftig å utbetre større delar av huset når ein først flyttar ut alle studentar og tilsette. Medan prosjektet i utgangspunktet berre omfatta ombygging av plan 1 og 2, vil det oppjusterte prosjektet også omfatte ombygging av plan 3 og kjellar. Prosjektet aukar med dette ombygginga frå 1.985 m² til 3.854 m². Det utvida omfanget vart godkjend i høgskulestyret i desember 2021, og skal finansierast med avsetningar.

Konkurransen på totalentreprise vart utlyst 27. januar 2022, og planlagd byggestart er august 2022.

Vidareføring av midlar tildelt gjennom Revidert nasjonalbudsjett 2020

I nasjonalbudsjett 2021 fekk Høgskulen vidareført dei 100 studie-plassane vi vart tildelte i revidert nasjonalbudsjett 2020. Tabellen nedanfor syner korleis desse er fordelte:

Høgskulen har auka utlyste studieplassar i tråd med tildelinga, og innan barnevern, helse- og sosialfag, planlegging og administrasjon og animasjon er talet på studentar som er teke opp, auka som planlagd.

Dei ekstra studieplassane til barnehagelærerutdanning nytta vi til opptak på deltid (over 4 år). I fjor tok vi opp eit deltidskull i Ålesund. I 2021 valde vi og ta opp eit deltidskull i Volda. Studiet er delvis nettbasert, men har også ein god del fysiske samlingar på Høgskulen i Volda.

I samband med dei tildelte studieplassane til grunnskulelærerutdanning utvida vi opptakstalet, men fekk ikkje nok søkjarar til å fylle plassane. Vi har valt å nytte desse studieplassane til eit anna prioritert område innanfor lærerutdanningane.

Behovet for vidareutdanning for lærarar innanfor profesjonsfagleg digital kompetanse er stort. Vi brukar dei nye tildelte studieplassane til grunnskulelærerutdanning til å styrke grunnlaget for å kunne tilby vidareutdanning for lærar på dette feltet. Dei nettbaserte tilboda er fleksibelt organisert og passar for lærarar i arbeid. Ut over generell profesjonsfagleg digital kompetanse er læringsdesign og klasseromsleing, programmering, medieproduksjon og tilpassa opplæring fokus i studietilbodet. Desse studietilboda er viktige for å gje oss eit godt fundament for bidrags- og oppdragsverksemd og ikkje minst desentralisert kompetanseheving i vår region på dette området.

Studieplassane på PPU vart utlyst, men vi manglar søkjarar til å fylle desse plassane. Som sist studieår har vi valt å nytte desse studieplassane til vidareutdanning for lærarar i naturfag. Dette studiet er organisert som nettstudie med 4 fysiske samlingar a 2 dagar i tillegg. Studiet blir tilrettelagt både for 1–7 og 5–10.

Fagområde	Studieprogram for studieår 2021/2022	Studieplassar
Barnehagelærerutdanning	BA barnehagelærerutdanning, deltid	30
Grunnskulelærerutdanning	Vidareutdanning for lærarar i digital kompetanse	15
PPU	Vidareutdanning lærarar naturfag	10
Helse- og sosialfag	BA Barnevern, MA Helse og sosialfag	10+10
Juridiske og øk. adm. Fag	BA Planlegging og administrasjon	20
Animasjon	BA Animasjon	5
Tildelte studieplassar i alt		100

Midlar tildelte over andre kapittel

Utvikling og drift partnerskap i lærarutdanningane, midlar frå kap. 275 post 21

I tildelingsbrevet 2021 fekk Høgskulen tildelt 2.210.000 til utvikling og drift av partnerskap i lærarutdanningane. Frå 2018 har HVO hatt eit partnerskapsamarbeid med to lærarutdanningsskular (LU-skular), Velle skule i Ørsta og Øyra skule i Volda. Fagmiljøa ved Høgskulen har lenge etterspurt ein ungdomsskule inn som samarbeidspart, og sommaren 2021 inngjekk vi partnerskapsavtale med Ulstein ungdomsskule.

Med ein utfordrande smittesituasjon har det vore færre fysiske møtepunkt enn ønskjeleg siste året, men det har likevel vore aktivitet og utvikling i partnerskapsamarbeidet. Hausten 21 vart det gjort avtale med to praksislærarar i delte stillingar som no arbeider på HVO i 20 % stilling. Dei er knytte til fagmiljøa i norsk og samfunnsfag. Ei delt stilling knytt til arbeid med rettleiingsappen MOSO som blir brukt i praksis, har også vorte vidareført. LU-samarbeid var tema på digitalt GLU-seminar januar 2021 der både rektor og praksislærar frå LU-skular og faglærarar frå høgskulen delte erfaringar frå LU-samarbeidet.

Våren 2021 lyste vi ut etter barnehagar som ønskte å inngå partnerskapsavtale og bli lærarutdanningsbarnehagar ved HVO. Dette resulterte i at vi inngjekk avtale med Mosmarka barnehage i Ørsta kommune og Tennfjord barnehage i Ålesund kommune. Det er etablert ei felles arbeidsgruppe og samarbeidet er kome godt i gang, trass i utfordringar pandemien har skapt. Det har mellom anna vorte arbeidd med revidering av praksishefte og arbeidskrav knytt til praksis. Det er inngått avtale om ei delt stilling. Ein tilsett frå Tennfjord barnehage arbeider no 40% på Institutt for pedagogikk ved HVO. Fagtilsette frå fleire miljø ved HVO har oppretta samarbeid med dei to barnehagane i samband med forskingsprosjekt.

DigiGLU, midlar frå kap. 226, post 22 og kap. 281, post 01 (tildelt i åra 2017-2019)

I samråd med DIKU og Udir vart prosjektet forlenga ut våren 2021. Våren 2021 vart det jobba for å sikre at tiltaka som er jobba fram igjennom prosjektet, vil halde fram etter prosjektslutt. Prosjektet gjennomførte interne miniseminar med erfaringsutveksling mellom dei ulike einingane ved HVO og var godt representert på Lærarutdanningskonferansen 2021 med fleire innlegg. Vidare vart det jobba med sluttrapporten av prosjektet.

Grunna pandemien måtte vi utsetje sluttkonferansen i prosjektet. Denne vil bli gjennomført våren 2022. Styringsgruppa i prosjektet hadde sett av om lag 400.000 til denne konferansen, og midlane er søkt overført til 2022, jamfør nytt regelverk om avsetningar.

Supplerande tildeling lønn til studentar, midlar frå kap. 260 post 50 og 70.

I mars fekk HVO tildelt 2.388.000 kroner til studenttiltak, som skulle nyttast som løn til studentar. HVO tilsette 38 studentar som assistentar i ulike studieprogram der dei fungerte som hjelpelærarar i seminargrupper, rettleiarar i kollokviegrupper og anna fagleg oppfølging av studentane, noko som førte til at det vart eit auka læringstrykk på dei aktuelle studieprogramma. I tillegg vart det tilsett tre studentassistentar på biblioteket som førte til at alle studentar fekk auka hjelp til å leite etter litteratur og sortere i og lage kjeldelister i arbeidskrav og andre oppgåver. Studentassistentane var tilsett i 20 % stilling i perioden mai til og med desember. Vi er svært nøgde med ordninga med studentassistentar, og nokre fagmiljø har forlenga studentassistentane for eigne midlar. Det tok tid å få gjennomført ein korrekt tilsettingsprosess og få studentassistentane på plass. Difor stod det att 971.921 kr av midlane ved årsslutt, og desse vart tilbakebetalte til Kunnskapsdepartementet.

Del IV: Styring og kontroll i verksemda

Del 1: Rapportering om styring og kontroll

Samla sett vurderer Høgskulen i Volda at vi har eit system for styring og kontroll som i stor grad er tilpassa risiko, kor viktige sakene er, og Høgskulen sin eigenart.

HVO nyttar mål- og resultatstyring tilpassa verksemda som grunnleggande styringsprinsipp. Følgjande moment er vurderte i samband med dette:

- om fastsette mål og resultatkrav blir nådde
- om ressursbruken er effektiv
- om lover og reglar blir haldne
- om resultat- og rekneskapsinformasjon er relevant og påliteleg
- om vesentleg styringssvikt, feil og manglar blir avdekte og handterte
- om internkontrollen er dokumentert

Høgskulen i Volda har etablerte system, rutinar og tiltak for internkontroll med vekt på faktorar som går fram av «Bestemmelser om økonomistyring i staten» punkt 2.4. Det blir gjennomført intern kontroll og oppfølging av eventuelle avvik. I juni 2020 vart delegeringsreglementet og oversyn over styringsordningane ved Høgskulen i Volda godkjende av styret. Instruks for leiinga er ein del av delegeringsreglementet.

Høgskulen har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen dei siste åra.

Mål og resultatkrav blir langt på veg nådde. Ressursbruken er effektiv, og det blir arbeidd aktivt med vidare effektivisering og digitalisering. Lover og reglar blir etterlevde så langt vi kjenner til. Det er ikkje avdekt vesentlege feil i samband med rapportering av resultat eller rekneskapsinformasjon. Det er ikkje avdekt vesentleg styringssvikt, feil eller manglar. Ved mindre avvik er dette følgt opp, og det blir gjort tiltak for å hindre at det skjer igjen.

Det blir arbeidd systematisk med prosessmodellering, GDPR, personvern i forskning og overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) knytt til beredskap i heile organisasjonen. Handbøker blir reviderte og oppdaterte i samsvar med endringane. Årleg gjennomgang av HMS-systemet blir gjennomført og dokumentert.

I desember 2021 kartla HK-dir HVO sitt arbeid med informasjonssikkerheit og personvern. HK-dir har meldt tilbake at dei har eit positivt inntrykk av HVO sitt arbeid, og at vi har forbetra vår etterleving av Kunnskapsdepartementet sin policy for informa-

sjonssikkerheit og personvern sidan førre kartlegging. HK-dir kan ikkje sjå at HVO har behov for å gjere store endringar i arbeidet med informasjonssikkerheit og personvern, og hovudanbefaling er derfor at HVO vidarefører og forsterkar dagens innsats.

I styremøte i oktober 2020 vart det gjort vedtak om at HVO ikkje etablerer ein internrevisjon per i dag. Ved vesentlege endringar i risikobiletet eller i verksemda, eller seinast innan år 2024, skal det gjerast ei ny vurdering.

I 2021 har vi arbeidd med å oppdatere det interne regelverket. Det er laga forslag til nye interne hovudreglar for økonomiforvaltning ved HVO, retningslinjer for erverv og forvaltning av aksjar ved HVO, retningslinjer for BOA ved HVO og ny innkjøpsstrategi. Desse vil bli lagde fram for høgskulestyret til godkjenning våren 2022.

I samband med utarbeiding av planar for komande år blir det gjort ei overordna risikovurdering av forhold som kan verke inn på evna til å nå mål og resultat på sikt. Risikovurderinga er godkjend av høgskulestyret. Dei største risikoane det blir arbeidd med i dag er som følgjer:

- Framleis svake resultat på forskning kan få konsekvensar for utdanningane våre når det gjeld akkreditering, økonomi og omdømme.
- Det kan bli utfordringar med å rekruttere fagfolk på enkelte område.

Del 2: Rapportering på andre føresetnader og krav, jamfør tildelingsbrevet

4.1.1 Regjeringas inkluderingsdugnad

I 2021 hadde HVO 66 tilsettingar, administrative vedtak kjem i tillegg. 71 stillingsannonsar vart oppretta, for fleire skjer tilsetting først i 2022. HVO har tilsett to med nedsett funksjonsevne, den eine mellombels. Tre personar har vore i praksisplass i regi av NAV eller Furene AS, målsettinga var å tilby to-tre praksisplassar i året.

Arbeidet med trainee-stilling kom i gang, men stoppa opp grunna pandemien, oppfølging er planlagt i 2022.

Ny mal for utlysingstekst er utarbeidd og teke i bruk. Mangfald er tydelegare vektlagt. Det er presisert at lokala er universelt utforma, og at ein kan legge til rette for personar med nedsett fysisk funksjonsevne. Det er også informert om at nedsett funksjonsevne, innvandrarbakgrunn eller hol i CV kan gi positiv

særbehandling. Etter at søknadsfristen er ute, blir leiarane gjort merksame på om der er søkjarar som skal ha positiv særbehandling. Minst ein kvalifisert søkjar i kvar gruppe skal kallast inn til intervju.

Personal har gitt tilbod om opplæring for leiarar og verneomboda knytt til tilsettingsprosessen, sjukefråværsoppfølging og konflikthandtering. Systematisk arbeid med nærvær og inkludering for alle tilsette ved HVO er ei prioritert oppgåve.

Høgskulen har brukt tid på å gjere seg kjend med ansvaret ein har knytt til inkluderingsdugnaden. Tema har vore presentert og diskutert i leiarfora. Leiarane blir regelmessig oppmoda om å vurdere søkjarane som kvalifiserer til positiv særbehandling. Arbeidet er langsiktig og vil bli vidareført.

4.1.2 FNs berekraftsmål

Høgskulen skal bidra til ei berekraftig framtid i tråd med FN sine berekraftsmål, noko som blir lagt vekt på i den nye strategiplanen for 2022–2029. Allereie i dag er berekraft og ulike berekraftsmål tema i dei fleste utdanningane våre, vi har forskingsprosjekt på emnet, vi har ei forskingsgruppe i berekraftsdidaktikk, og vi har lyst ut stipendiatstilling med berekraft som del av temaet.

Vi skal ta klima- og miljøomsyn i alle delar av verksemda. Høgskulen i Volda er sertifisert som Miljøfyrtårn, og det blir arbeid systematisk med å redusere klimaavtrykket. Det blir rapportert årleg på sentrale måleparametrar og handlingsplan er utarbeidd. Studentane er inkluderte i arbeidet med Miljøfyrtårn. Tala for 2021 er ikkje klare, men i 2020 hadde Høgskulen ein stor nedgang i utslepp, noko som heng saman med mindre reiser som følge av pandemien.

Høgskulen investerer i miljøtiltak på heile høgskuleområdet. Det er lagt betre til rette for gåande og sykklande ved å bygge ut tilbodet av gardar og lasbar sykkelparkering, eit tiltak i Miljøfyrtårn handlingsplan.

Høgskulen vektlegg miljø ved oppføring av nye bygg eller renovering av eldre bygningar, og set miljømål for kvart prosjekt i lag med Statsbygg. Det nye mediehuset Sivert Aarflot-huset har til dømes eit lågt energinivå, mellom anna med høgeffektiv varmepumpe, solcelle og passiv husstandard. Det har også eit lågt karbonavtrykk både i oppføring, drift og materialbruk. I den komande renoveringa av Hans Strøm-huset vil det bli gjennomført fleire ENØK-tiltak.

Høgskulen har medvitne studentar, og i 2021 vedtok Studentparlamentet ein miljøuttale der parlamentet oppmoda både Høgskulen og Samskipnaden til å bidra til mindre utslepp og betre miljø. Studentparlamentet ser fleire gode utviklingstrekk ved Høgskulen, men ønskjer seg endå meir kraft i utviklinga. Dette er ei utfordring Høgskulen verdsett og vil følgje opp.

4.2.1 Oppfølging av digitaliseringsstrategien for UH-sektoren

Høgskulen i Volda har teke fleire grep for å kunne møte dei krava som ligg til digital omstilling. Vi har m.a. oppretta eigen læringsverkstad for opplæring. Læringsverkstaden er støttetteneste og læringsressurs for digital utvikling og studiekvalitet ved HVO. Læringsverkstaden støttar fagtilsette og studentar i å vidareutvikle profesjonsfagleg digital kompetanse, studentaktive lærings- og vurderingsformer, digital didaktikk og arbeidslivsrelevans med bruk av digitale ressursar. Læringsverkstaden tilbyr digitale og fysiske kurs og opplæring knytt til fagspesifikke ressursar og fellessystem ved HVO.

Andre område vi har arbeidd med i 2021 er robotisering (RPA). Vi har utvikla robotar for å kunne utføre arbeidsprosessar med repeterande innhald.

Vi vil vidare utarbeide eigen handlingsplan for å kunne nå dei måla som ligg i digitaliseringsstrategien for universitets- og høgskulesektoren.

4.2.2 Samfunnssikkerheit og beredskap (SOB) og sikkerheit etter sikkerhetsloven

Det blir arbeid systematisk med ROS-analyse knytt til samfunnssikkerheit og beredskap, overordna ROS vart gått igjennom og revidert i juni 2021. 16 personar deltok, leiinga, alle kontor bortsett frå biblioteket og tre avdelingar var representerte. ROS-analyse 2019 med oppdatert handlingsplan frå 2020 vart brukt som utgangspunkt. Denne bygger på ROS-analyse slik det blir tilrådd i «Styringsdokument for samfunnssikkerheit og beredskap i kunnskapssektoren» (juni 2019, s.32). Områda som vart identifiserte som dei med høgast risiko i verksemda er: Ulukke student/tilsett i utlandet, ulukke student/tilsett innanlands, pandemi og trussel mot sentrale IKT-tenester. Tiltaksplanar er utarbeidde.

Krise- og beredskapsplanverk vart sist revidert og godkjent i 2019. Planverket inneheld to delar med vedlegg. Den operative delen inneheld rutine for varslings og mobilisering, organisering av sentral kriseleiing, stabsmetodikk og oversikt over eksterne ressursar. Administrativ del inneheld formål, prinsipp og informasjon om andre beredskapsplanar ved Høgskulen. I tillegg er plan for handtering av PLIVO, brannvern, varslings, fasar i krisehandtering, mediehandtering, beredskapsrom, logg og etterarbeid/rapportering ein del av planen.

Vedlegga inneheld sju tiltakskort og ein plan for PLIVO som berre er tilgjengeleg for kriseleiinga. I tillegg ei intern varslingsliste, første møte tavle, logg og kart.

Kriseplan utan vedlegg ligg tilgjengeleg for alle tilsette på heimside og i HMS-handbok.

Kriseøving for kriseleiinga vart gjennomført 9.mars 2021. Kriseøvinga vart gjennomført i samarbeid med fagmiljøet ved

Avdeling for mediefag. Målsettinga var å trene på mediehandtering. I tillegg var det eit mål å teste beredskapsplanverk som bygger på ROS-analyse, ved å bruke planverket i gjennomføringa for å avdekke om noko mangla.

Viktige funn og læringspunkt:

- Liv og helse var første prioritet, noko ein greidde å ivareta. Oppgåvene vart tydeleg delegerte. Kriseleiinga fekk øve seg på å ta avgjerder under press og å handtere mange saker samstundes. Ein erfarte at ein burde delt inn i grupper tidlegare.
- Det vart avdekket behov for å klargjere kva roller som er ansvarleg for dei ulike kommunikasjonskanalane ved HVO. Det er behov for å fordele ansvar knytt til innkomande informasjon, ved krise kjem det mykje informasjon i mange kanalar.
- Øving framfor kamera gjer at ein får kjenne på trykket. For framtida bør vi legge til rette for at fleire får øve, noko som skaper trygghet.
- Det er behov for større kapasitet på loggføring, det skal lagast eit team der alle medlemmane kan sjå det som er loggført og samskrive.

Tiltaksplan etter øvinga er utarbeidd og blir følgt opp.

4.2.3 Handtering av Covid-19 pandemien

Første evaluering av pandemihandtering vart gjennomført 3. desember 2020. Deltakarar var kriseleiinga, tillitsvalde og hovudverneombod. Firmaet Praktisk beredskap fasilitererte det faglege opplegget. Tre område vart valde for evalueringa, desse er beredskap, situasjonsbilete og krisehandtering, og er samantfallande med tilråding i mal frå DSB «Handtering av covid-19 – mål for evaluering». Eigen rapport vart utarbeidd av HMS-sentral sikkerheitsgruppe.

Andre evaluering vart gjennomført av HMS-sentral sikkerheitsgruppe i oktober/november 21. Denne bygde vidare på evaluering frå 2020, med vektlegging på funn og tiltak. Oppdatert rapport vart lagd fram for høgskuledirektør for innspel og merknader.

Viktige funn og sentrale læringspunkt frå evalueringa:

- Pandemiplanen som var utarbeidd, var på langt nær dekkande, og det er behov for revisjon i løpet av 2022. Planen var likevel tenleg som eit utgangspunkt. I ny plan er det viktig at punktet om informasjon er tydeleggjort. Det er behov for avklaring av eigarskap til ulike kommunikasjonskanalar og kven som skal vere avsendar.
- Det er behov for å ha eit lite lager av smittevernustyr, dette er ferskvare, så lageret kan ikkje vere stort.
- Det er behov for å følgje opp studentar si psykiske helse også etter pandemien, tiltak er i gang mellom anna i sa-

marbeid med studentsamskipnaden og velferdsgruppa.

- Organisasjonen var ikkje budd på at det digitale ville vere så sentralt, systematisk opplæring i digitale løysingar er planlagt.

I tillegg til evalueringa vil vi sjå på konsekvensane av pandemien i eit langsiktig perspektiv, og læringspunkt knytt til beredskap.

4.2.5 Likestilling, mangfald, diskriminering og tilgjengelegheit

Likestilling og mangfald er fast sak i arbeidsmiljøutvalet (AMU). Arbeidet er omfattande og krev involvering av fleire fagmiljø. Det er nedsett ei arbeidsgruppe som har utarbeidd mal for korleis ein kan involvere fagmiljø for å identifisere hinder for likestilling og risiko for diskriminering. Malen vart lagd fram for AMU i møte 1-22.

Arbeidet med ny handlingsplan for likestilling og mot diskriminering for perioden 2021 – 2025 vil bli følgt opp i 2022 etter gjennomført kartlegging der ein identifiserer hinder og vurderer risiko. Arbeidet skal forankrast i ny strategiplan.

Standardtekst for stillingsannonser er endra og godkjent av tillitsvalde, eit tiltak for å bidra til meir mangfald og inkludering i organisasjonen.

Tilsette og studentar kan varsle om HMS-avvik, arbeidsmiljø, seksuell trakassering, diskriminering, forskningsetikk og spørsmål som gjeld drift på ei eiga «Sei ifrå»-side. Det er eit kontinuerleg arbeid og ei prioritert oppgåve å gjere sida kjent.

Utgreiing om arbeidet Høgskulen i Volda gjer for å fremje likestilling og hindre diskriminering er å finne som elektronisk vedlegg på www.hivolda.no/om/styringsdokument.

Campusutviklingsplanar og større byggeprosjekt

Høgskulestyret vedtok Høgskulen sin andre campusutviklingsplan i september 2020. Denne finst på Høgskulens nettsider: www.hivolda.no/om/campusutviklingsplan-hvo-versjon-2.

Campusutviklingsplanen gjeld frå 2020 og utover, og tok utgangspunkt i Høgskulen sin strategi 2017–2021. I arbeidet med å realisere den nye strategien for Høgskulen i Volda 2022–2029 står campusutviklingsplanen sentralt, og tiltaka fell godt saman med ambisjonane og satsingsområda også i den nye strategien.

Mellom anna har Høgskulen ambisjon om å ha «eit attraktivt høgskuleområde med læringsarenaer og møteplassar som fremjar innovasjon, digital kompetanse og samskaping mellom studentar, tilsette og arbeidslivet», og vi skal ta «klima og miljøomsyn i alle deler av verksemda». I den første halvdel av strategiperioden er eit av dei fire strategiske satsingsområda at «HVO skal ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet».

Det er fleire av tiltaka i campusutviklingsplanen som vil støtte opp under dette, mellom anna realisering av Norsk innovasjonssenter, ombygginga av Hans Strøm-huset til fleire opne studentareal og undervisningsrom som legg til rette for studentaktiv læring, og tiltak for å fremje meir miljøvennleg transport til Høgskulen, til dømes fleire låsbare sykkelskur og betre garderobefasilitetar.

Ombygginga av Hans Strøm-huset blir det største byggeprosjektet dei komande åra. Prosjektet er no ute på anbod og endeleg kostnadsramme er ikkje avklart. Statsbygg har gjen-

nomført førebels kalkyle på prosjektet, denne inkluderer analyse av usikkerheit. Prosjektet er lyst ut som totalentreprise for å redusere risikoen for Høgskulen. Finansieringa av prosjektet er delt mellom Høgskulen og Statsbygg, og Høgskulen skal finansiere sin del med avsetningar og tildelte midlar frå Kunnskapsdepartementet si ordning for oppgradering av forskings- og læringsareal.



Del V: Vurdering av framtidsutsikter

HVO sin visjon er Kompetanse for eit betre samfunn

«Kompetanse for eit betre samfunn» betyr av vi skal vere ei drivkraft for utvikling av kunnskap, ferdigheiter og klokskap som bidreg til framsteg for individ og samfunn. Vi skal skape entusiasme for læring, stimulere til deltaking for ei berekraftig verd og bygge på samskaping mellom studentar, tilsette og arbeidslivet.

Ny strategiplan for HVO 2022–2029

I desember 2021 vedtok høgskulestyret ny strategiplan for Høgskulen i Volda 2022–2029. Det har vore ein omfattande prosess der både tilsette, studentar og eksterne har vore med i verkstader for å gje innspel til strategien. Strategien har vore diskutert i fleire styreseminar hausten 2020 og i 2021. Våren 2022 er vi i gang med å lage handlingsplanar for å realisere strategien, både på overordna HVO-nivå, på avdelingane og i fellesadministrasjon. Overordna handlingsplan for HVO skal vedtakast av styret i juni 2022.

I strategiplanen er det peika ut ti ambisjonar for Høgskulen i Volda fram mot 2030, og fire strategiske satsingsområde som skal prioriterast i første del av strategiperioden (2022–2025) for å nå dei langsiktige ambisjonane:

1. HVO skal ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet
2. HVO skal heve ambisjonane innanfor lærarutdanningane, sosialfaga og mediefaga
3. HVO skal ha forskingsmiljø som er leiande nasjonalt og hevdar seg internasjonalt
4. HVO skal vere ein tydeleg samfunnsaktør i regionen

Strategien skal bygge opp under Høgskulen sitt samfunnsoppdrag, visjon, profil og verdiar. Vi er ein profesjonsretta høgskule med høge faglege ambisjonar, som bygger på samfunnsvitenskap og humaniora. Vi utdannar for og forskar på velferdssamfunnet, og vi møter behova i regionen, samstundes som vi er ein nasjonal og internasjonal aktør. Vi tek eit særleg ansvar for å bevare og utvikle nynorsk språk og skriftkultur.

HVO skal ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet

Eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet er avgjerande for å kunne tilby gode utdanningar, sikre gjennomstrøming og rekruttere studentar i framtida. HVO skal utdanne framtidas lærarar, sosialarbeidarar, medievitarar og kulturprofilar. Desse vil vere med å forme framtidas samfunn, og då må

berekraftsperspektivet vere integrert i alle utdanningane våre. Høgskulen vil prioritere studentmedverknad i utvikling av Høgskulen og skape eit mangfaldig og inkluderande læringsmiljø.

Vidare vil vi engasjere og utfordre studentane gjennom studentaktive arbeidsmåtar, forskingsbasert undervisning og internasjonalisering. I tråd med strategi for digital omstilling i UH-sektoren skal studentar utvikle yrkestilpassa digital kompetanse, og tilsette skal både ha utdanningsfagleg og yrkestilpassa digital kompetanse. Vidareutvikling av den sentrale Læringsverkstaden vil vere eit viktig verkemiddel i så måte, men også fagmiljøa sitt eige arbeid med digital kompetanse i fagdidaktikken og å utvikle ein tydelegare delingskultur er sentrale bidrag.

Eit attraktivt høgskuleområde som legg til rette for samhandling og kreativitet vil støtte opp under satsingsområdet, og Høgskulen har spanande prosjekt som del av campusutviklingsplanen dei neste åra. Planen synte behov for fleire soner tilrettelagde for sosial aktivitet og opne studentareal både ute og inne på høgskuleområdet, og «Areal for trivsel og læring» er eit av hovudsatsingsområda i planen. Ombygginga av Hans Strøm-huset til meir opne studentareal og undervisningsrom lagde til rette for studentaktiv læring er det største prosjektet, men i tråd med Campusutviklingsplanane, blir det også arbeidd med å etablere fleire opne studentareal andre stader på høgskuleområdet, både ute og inne. Hans Strøm-prosjektet vil også støtte opp under satsingsområde «fleirbruk og sambruk», der konseptet «læringsstrøk» står sentralt. «Berekraftig mobilitet» er eit anna viktig satsingsområde det blir arbeidd med.

Dyktige fagfolk er kjemen i eit variert og nyskapande læringsmiljø. Vi må sikre langsiktig rekruttering og fagkompetanse, og dette er kanskje Høgskulen si største utfordring dei neste åra. I styret si risikovurdering for 2022 vart «utfordringar med å rekruttere fagfolk på enkelte område» framheva som eit av to område med høg risiko. Det er ofte vanskeleg å få søkjarar til førstekompetanse i distriktet, og vi må derfor både satse på intern kompetanseutvikling og gjere oss attraktive slik at fagfolk andre stader får lyst til å flytte til vår region.

HVO skal heve ambisjonane innanfor lærarutdanningane, sosialfaga og mediefaga

Høgskulestyret har i strategidiskusjonane peika på tre utdanningar som er avgjerande for å sikre Høgskulen si drift på lang sikt, enten fordi dei har høg politisk prioritert, utgjer ein stor økonomisk del av budsjettet, har mange studentar og/eller er profil-

fag nasjonalt. Desse tre utdanningane er lærarutdanningane, sosialfaga og mediefaga. Desse utdanningane vart også peika på som moglege satsingsområde for Høgskulen i NIFU-rapport 2018:24 «Strategisk utvikling av studieporteføljen ved Høgskulen i Volda – Et kunnskapsgrunnlag».

Høgskulen ønskjer å heve ambisjonane innanfor dei tre utvalde utdanningane. Mellom anna er målet å få status som senter for framifrå utdanning på mediefaga og få akkreditert ein eigen ph.d. som gjer oss sjølvakkrediterande på lærarutdanningane. Høgskulen i Volda har i dag ein ph.d. i helse- og sosialfag som fellesgrad saman med Høgskolen i Molde, og denne skal vi vidareutvikle. Vi trur likevel det vil vere avgjerande for framtida at vi i tillegg har ein eigen ph.d. Den vil kunne vere attraktiv for å tiltrekke oss fagfolk og stadfeste at Høgskulen er ein akademisk institusjon med høg fagleg kvalitet. Møre og Romsdal fylke har eit av landets lågaste utdanningsnivå, særleg på lang høgare utdanning og er eit av fylka med færrest forskarårsverk per innbyggar. Ein ny ph.d. i fylket vil bidra til regional utvikling.

Ein eigen ph.d. er også eit tiltak som skal motverke begge dei to risikomomenta styret har identifisert som mest kritisk for å nå mål og resultat framover:

1. Framleis svake resultat på forskning kan gje konsekvensar for utdanningane våre, akkreditering, økonomi og omdømme.
2. Utfordringar med å rekruttere fagfolk på enkelte område.

Det å framheve nokre utdanningar betyr ikkje at andre fag ikkje er viktige eller at Høgskulen ikkje skal ha eit breitt tilbod framover. Fagstudiar, kulturfag og dei andre faga ved Høgskulen vil framleis vere viktig, både i seg sjølv, men også som støttefag mellom anna inn mot lærarutdanninga.

HVO skal ha forskingsmiljø som er leiande nasjonalt og hevdar seg internasjonalt

Høgskulen har eit mål om å auke forskingsaktiviteten, mellom anna auke publiseringa og bidrags- og oppdragsinntektene. Dette er også noko Kunnskapsdepartementet har vore oppteke av i styringsdialogen. I komande strategiperiode ønskjer Høgskulen å heve ambisjonane endå meir, ved å sette eit mål om ha forskingsmiljø som er leiande nasjonalt og hevdar seg internasjonalt. Høgskulen har fleire ordningar for å stimulere forskingsaktivitet, men kanskje må vi til ein viss grad spisse desse mot enkeltmiljø.

Vidare vil det bli prioritert å etablere fleire forskingssamarbeid med andre institusjonar nasjonalt og internasjonalt. Mellom anna ønskjer vi å rekruttere internasjonale professor II-arar og vi held på å etablere ei ordning for utanlandsstipend for tilsette for å styrke det internasjonale forskingssamarbeidet. Vi har i 2022 sendt seks søknader til NFR, alle med internasjonale samarbeidspartnarar, som vi håper vil gi eit tettare internasjonalt samarbeid framover.

Høgskulen har lange tradisjonar som utdanningsinstitusjon og har ein sterk kultur for utvikling når det gjeld utdanningane våre.

Vi har ikkje like sterke forskningstradisjonar, og sjølv om heile organisasjonen har auka medvit når det gjeld forskning, vil vi arbeide for ein endå sterkare kultur for forskning og utviklingsarbeid gjennom kompetansebygging, mentorering og kvalitetsorientering. Dette vil også vere viktig tiltak for å redusere risikoane som var nemnt ovanfor.

HVO skal vere ein tydeleg samfunnsaktør i regionen

Høgskulen i Volda har ei historie som distriktshøgskule og ein viktig leverandør av kompetanse til ein region med lågt utdanningsnivå. Statistikk syner at fleirtalet av studentane blir i den regionen dei studerer, og Demografiutvalet og Distriktsnæringsutvalet peika begge på høgare utdanning som ei viktig løysing på sentralisering-utfordringa. Høgskulen utdannar for og forskar på velferdssamfunnet, og er ein sentral bidragsytar til sysselsetting i mellom anna barnehage, skule, sosial velferd og kulturnæringane i regionen.

Sjølv om Høgskulen også skal vere ein nasjonal og internasjonal aktør, er det sentralt for oss å vere ein tydeleg samfunnsaktør i regionen. Vi skal utvide og vidareutvikle utdannings-, innovasjons- og forskingssamarbeid særleg med partnarar i det regionale arbeids- og kulturlivet. Eit av dei viktigaste prosjekta dei komande åra er å få realisert Norsk innovasjonssenter på høgskuleområdet, for å skape engasjerande og relevante møteplassar med arbeidslivet i regionen. I forarbeidet til strategiplanen var fleire møteplassar nettopp noko dei eksterne interessentane etterspurde frå oss. Høgskulen ønskjer å ha utvalde satsingar der vi tek eit særleg ansvar for å møte regionale behov. Her blir det viktig å identifisere behov som både vil bidra til regional utvikling og er område der Høgskulen har fagleg styrke.

Vi skal auke arbeidslivsrelevansen i utdanningane våre og legge til rette for innovasjon og entreprenørskap, mellom anna gjennom prosjektet «Praksis-Oppdrag-Entreprenørskap i medie- og kulturfag» som vi er tildelt 5 mill. kr til i 2022–2025.

Planar 2022

I 2022 vil vi prioritere utvikling av ny ph.d. knytt til lærarutdanningane, arbeidet med handlingsplanar for å realisere den nye strategien og utvikling av høgskuleområdet. Arbeidet med å innfri måla i utviklingsavtalen blir også sentralt, sidan dette er siste året avtalen gjeld.

Då mål og planar for 2022 vart utarbeidd, var ikkje endeleg strategiplan vedteken, men diskusjonane i strategiprosessen har likevel hatt innverknad på dei prioriteringane ein har gjort på tiltaksnivå. Når handlingsplanen for å realisere strategiplanen er vedteken, vil vi vurdere om planar for 2022 bør reviderast. Sidan det kjem nye sektormål og ny utviklingsavtale frå 2023, har vi i stor grad vidareført dei verksemdmåla og delmåla som Høgskulen har hatt tidlegare. Det vil vere naturleg å gjere ein større revisjon til neste år.

Nedanfor er verksemdmål, delmål og styringsparametrar presentert. I tillegg har høgskulestyret vedteke tiltak for dei ulike delmåla.

Sektormål 1 - Høg kvalitet i utdanning og forskning

Verksemdmål 1.1: HVO skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og gjennomstrøyming.

Delmål:

- HVO skal styrke den faglege leiinga av utdanningsprogramma
- HVO skal styrke den pedagogiske kompetansen til fagtilsette
- HVO skal styrke studiekvaliteten
- HVO skal betre gjennomstrøyminga
- HVO skal gjere digital kompetanse og formidling relevant for alle fagområde

Styringsparametrar		2019	2020	2021	Ambisjon 2022
Andel bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid	KD	58 %	63 %	66 %	65 %
Andel masterkandidatar som gjennomfører på normert tid	KD	28 %	14 %	39 %	45 %
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten	KD	4,0	3,9	3,9	4,1
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	KD	30	29	28	33
Talet på primærsøkjjarar i samordna opptak	HVO	1 349	1 449	1 400	1 450
Talet på kvalifiserte primærsøkjjarar per studieplass	HVO	1,5	1,5	1,5	1,6

Verksemdmål 1.2: HVO skal styrke forskingsaktiviteten og auke den vitenskaplege publiseringa.

Delmål:

- HVO skal auke talet på publiseringspoeng.
- HVO skal auke talet på søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder.

Styringsparametrar		2019	2020	2021	Ambisjon 2022
Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk	KD	0,46	0,82	(0,4)*	0,60
Talet på søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder	HVO	7	3	4	8

*Førebels estimat. Endeleg tal vert rapportert i DBH 1. april.

Verksemdmål 1.3: HVO skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane og FoU-arbeidet.

Delmål:

- HVO skal vere blant dei beste på studentutveksling.
- HVO skal stimulere til nasjonalt og internasjonalt forskings- og utviklingsarbeid.

Styringsparametrar		2019	2020	2021	Ambisjon 2022
Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk	KD	0	0	0	0
Andel utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar	KD	0,9 %	0,4 %	0,7 %	1,2 %
Talet på utvekslingsstudentar - inn- og utreisande	HVO	239	94	149	200
Andel internasjonale samforfattarskap på tidsskriftartiklar	HVO	19 %	12 %	(12 %)*	20 %

*Førebels estimat. Endeleg tal vert rapportert 1. april.

Sektormål 2 - Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Verksemdmål 2.1: HVO skal vere relevant for samfunnsutfordringane i framtida.

Delmål:

- HVO skal sikre arbeidslivsrelevans i alle utdanningar.
- HVO skal utvikle og forske på framtidsferdigheiter i utdanning.
- HVO skal satse på digitale læringsprosessar i skulen.

Styringsparametrar		2019	2020	2021	Ambisjon 2022
Andelen masterkandidatar sysselsette i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning	KD	82 %	91 %	I/T	85 %

I/T: Ikkje tilgjengelege tal

Verksemdmål 2.2: HVO skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar for utvikling, innovasjon og verdiskaping.

Delmål:

- HVO skal auke bidrags- og oppdragsinntektene.
- HVO skal samarbeide aktivt med arbeidslivet både regionalt og nasjonalt.

Styringsparametrar		2019	2020	2021	Ambisjon 2022
Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk	KD	12	11	11	14
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk	KD	102	128	127	130

Verksemdmål 2.3: HVO skal ta aktivt del i samfunnsdebatten regionalt og nasjonalt.

Delmål:

- HVO skal stimulere til kunnskapsdeling og dialog knytt til Høgskulen si utdannings-, formidlings- og forskningsverksemd.

Styringsparametrar		2019	2020	2021	Ambisjon 2022
Talet på publiserte kronikkar	HVO	39	32	30	35

Sektormål 3 - God tilgang til utdanning

Overordna styringsparametrar		2019	2020	2021	Måltal 2022
Kandidattal på helse- og lærarutdanningane	KD	233	180	174	203
Kandidattal GLU 5-10	KD	40	25	3*	29
Kandidattal GLU 1-7	KD	26	15	3*	43
Kandidattal BLU	KD	77	70	89	59
Kandidattal PPU	KD	90	70	79	72

* Grunna omlegging frå 4-årig til 5-årig GLU-utdanning skulle det i utgangspunktet ikkje bli uteksaminert kandidatar i 2021.

Verksemdmål 3.1: HVO skal vere god på fleksible utdanningar som kan takast uavhengig av tid, stad og livsfase.

Delmål:

- Alle fagmiljø skal vere gode på digital undervisning.
- HVO skal utvikle erfaringsbaserte masterutdanningar.

Overordna styringsparametrar		2019	2020	2021	Ambisjon 2022
Talet på studentar på nett- og desentralisert undervisning	HVO	1 395	1 325	1 407	1 400

Verksemdmål 3.2: HVO skal styrke Volda som regional studiestad.

Delmål:

- HVO skal vidareutvikle ein kompakt campus med nærleik mellom studentar, tilsette og arbeidslivet.

Sektormål 4 – Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskningssystem

Verksemdmål 4.1: HVO skal ha ein tydeleg profil og vidareutvikle samarbeidet med andre UH-institusjonar.

Delmål:

- HVO skal kontinuerleg arbeide med strategisk utvikling av studieporteføljen.
- HVO skal med utgangspunkt i strategiplanen greie ut moglegheiter og utfordringar med å halde fram som ein mindre, veldig skarpt profilert høgskule eller eit forpliktande samarbeid med andre institusjonar i UH-sektoren

Verksemdmål 4.2: HVO skal arbeide for eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø.

Delmål:

- HVO skal arbeide for at 60 % av fagstaben har førstekompetanse og 15 % har toppkompetanse før 2021.
- HVO skal doble talet på kvinner i faglege toppstillingar frå 2017 til 2021.
- HVO skal sikre god balanse mellom faglege og administrative oppgåver.

Styringsparametrar		2019	2020	2021	Ambisjon 2022
Talet på studiepoeng per fagleg årsverk	KD	636	643	631	630
Andel kvinner i dosent- og professorstillingar	KD	28 %	25 %	25 %	33 %
Andel mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar	KD	17 %	15 %	14 %	12 %
Andel førstestillingar av samla årsverk i undervisnings- og forskarstillingar	HVO	49 %	52 %	53 %	55 %
Andel kvinner av tilsette med førstekompetanse	HVO	46 %	45 %	45 %	50 %
Gjennomsnittleg sjukefråvær per år	HVO	6,9 %	6,0 %	6,9 %	5,5 %

Verksemdmål 4.3: HVO skal effektivisere drifta.

Delmål:

- HVO skal implementere fellesløyser i sektoren og sikre fornuftig balanse mellom kvalitet og effektivitet i drifta

Styringsparametrar		2019	2020	2021	Ambisjon 2022
Driftskostnader per avlagd 60-studiepoengeining (1 000 kr)	HVO	152	154	161	165
Forholdstal mellom tilsette i undervisnings- og forskarstillingar og talet på administrative stillingar	HVO	2,9	2,8	2,6	2,6

Budsjetttrammer 2022 – Løyvingsfinansiert verksemd

Høgskulen i Volda har hatt ein intern neddelingsmodell som har vore nytta sidan 2007 med mindre justeringar. Sidan 2019 har vi hatt eit internt regelverk som set grenser for kor mykje av mindreforbruket som kan overførast til neste budsjettår og tak for kor store akkumulerte avsetningar som kan ligge på avdelingane og fellesadministrasjonen. Frå og med rekneskap 2021 er dette regelverket samkøyrte med det nye nasjonale regelverket for avsetningar. Pr 31.12.2021 vart 14 mill. kroner inndregne i avsetningar frå avdelingane/fellesadministrasjonen, og overført til investeringar i samsvar med vedteken investeringsplan.

Dei overordna målsettingane for neddelingsmodellen er at han stimulerer til måloppnåing. Neddelingsmodellen:

- stimulerer til at vi får balanse mellom korleis vi blir finansierte, og den interne ressursdisponeringa

- gir planleggings- og handlingsrom i ein desentralisert struktur
- skaper vilkår for høgskulestyret og leiinga til å styre på eit overordna nivå – mellom anna ved at utfordringane blir gjort synlege
- skal i størst mogleg grad vere open, tydeleg og påreknleg, slik at han kan godtakast i heile organisasjonen

Budsjettet for 2022 vart vedteke i sak 80/21 i styremøtet 9. desember 2021. Styret vedtok investeringsplan for 2022-2025 i sak 83/21 i same møte.

Disposisjonsbudsjettet syner planlagd aktivitet frå avdelingane og inkluderer særskilde satsingar og midlar til rekrutteringsstillingar. Ein del av satsingane er prosjektførte og sette opp samla i tabellen nedanfor. I tillegg kjem bruk av avsetningar til investeringsformål – først og fremst midlar til å dekke oppgradering av Hans Strøm-huset. Berekna investeringsbeløp for HVO til dette formålet er 70 mill. kroner totalt og prosjektet er venta ferdig i 2023.

Budsjett 2022 - Tal i 1 000 kroner	Fordelt løyving	Disposisjonsbudsjett	Budsjettert avvik
Avdeling for kulturfag	30 025	30 536	-511
Avdeling for samfunnsfag og historie	62 768	65 582	-2 814
Avdeling for mediefag	39 377	41 258	-1 881
Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning	99 459	101 495	-2 036
Fellesadministrasjonen og felleskostnader	149 781	147 287	2 494
Ikkje fordelte kostnader inkl. lønnsoppgjer 2022	5 000	5 000	0
Prosjektførte midlar - interne prosjekt	16 314	16 314	0
Investeringsmidlar - ordinær ramme	14 242	14 242	0
Totalt HVO	416 966	421 714	-4 748



Del VI: Årsrekneskap 2021

Leiingskommentarar

Stadfesting

Rekneskapsen gir eit dekkande bilete av den økonomiske verksemda i samsvar med regelverk om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå Kunnskapsdepartementet og med opplysning om eventuelle avvik. Rekneskapsen er registrert etter gjeldande prinsipp i den statlege rekneskapsstandarden (SRS) og presentert etter rekneskaps mal for UH-sektoren.

Avvik mellom periodisert budsjett og rekneskap, inkludert omtale av økonomisk drift

Rekneskapsåret 2021 er nok eit år som har vore sterkt prega av pandemien. Som alle andre høgskular og universitet har høgskulen vore underlagt strenge restriksjonar som har påverka aktiviteten og undervisninga i stort omfang. Vi har omstilt oss, og erfaring med digital undervisning og heimekontor syner at vi har klart dette på ein god måte. Det har vore utfordrande med lange periodar med digital undervisning og heimekontor, og vi vil gi skryt til både dei tilsette og studentane for innsatsen dei har lagt ned.

Pandemien har sjølvsagt påverka moglegheita til å prioritere meir ressursar til aktivitet utanom undervisning. Dette gjeld for ein del av prosjekta som var planlagt, og har ført til at desse har vorte utsett.

Driftsinntektene for 2021 ligg 9,2 mill. kr over budsjett. Dette skuldast i hovudsak ekstra løyvingar til oppgradering av Hans Strøm-huset på 10 mill. kr og tilleggsløyvingar til å dekke ekstrakostnader med pandemien.

Det er store avvik på driftskostnadane med heile 20 mill. kr i mindreforbruk samanlikna med budsjett. Lønn og godtgjersle utgjer 11,3 mill. kr og skuldast auka sjukefråvær der ein ikkje har tatt inn vikar eller liknande, sjukefråvær og permisjonar hos stipendiatar, og færre tilsettingar enn planlagt. Andre kostnader ligg 11,8 mill. kr under budsjett og skuldast i stor grad husleige og kostnader knytt til møte/seminar og reiseverksemd, der alle pos-

tane ligg godt under budsjett. Avskrivningar viser eit meirforbruk på 3 mill. kr samanlikna mot budsjett. Dette skuldast blant anna auka investeringar i Sivert Aarflot-huset.

Midlane til ekstra stipendiatstillingar har vorte inntektsført i 2021. Det vart vedtatt å lyse ut 17 nye stipendiatstillingar første kvartal 2021. 13 stipendiatar har starta arbeidet sitt i 2021, og dei siste har starta i januar 2022. Det vil bli utlyst fleire stipendiatstillingar også i 2022.

Utvikling i avrekna løyvingfinansiert verksemd

HVO hadde ved utgangen av 2021 bokført avsetningar på løyvingfinansiert verksemd på 88 mill. kr. I tillegg har vi 14 mill. kr. i øyremerkta midlar frå KD. Ved innføring av nye reglar for avsetningar for rekneskapsåret 2021 er no avsetninga sett til 5 % av total løyving på 423,9 mill. kr, som tilseier 21,2 mill. kr i avsetning totalt.

Det blir viktig framover å etablere gode prosesser og oppfølging av avsetningar i tråd med dei nye nasjonale reglane. HVO innførte eit internt regelverk for avsetningar på einingane frå og med 2019, slik at ein vil kunne vidareføre og utvikle denne strukturen. Det vil bli viktig med prioriteringar vidare, og god kontroll på gjennomføring av prosjekt. Tidlegare inndratte midlar har vorte nytta i investeringar til utstyr og inventar til nytt mediehus, og vidare vil dei no gå til oppgradering av høgskuleområdet og lokale ved HVO.

Gjennomførte investeringar og planlagde investeringar i seinare periodar

Totalt er det bokført investeringar for 42 mill. kr i 2021. Av dette har 12,6 mill. kr gått til investeringar i normal drift, mellom anna oppgradering av lokale elles, nytt tilgangskontrollsystem på høgskuleområdet, mykje AV-utstyr og ordinære vedlikehaldsinvesteringar.

29,4 mill. kr. har gått til inventar og utstyr til det nye Sivert Aarflot-huset, som HVO er godt nøgd med og som har fått stor merksemd også eksternt.

HVO sine framtidsplanar i høve vidare investeringar vil i stor grad gå til ei stor og det er ombygging av Hans Strøm-huset. Dette er eit samarbeidsprosjekt med Statsbygg, der HVO skal dekke om lag 70 mill. kr av investeringa inkludert inventar og utstyr. Prosjektet har blitt vesentleg endra i omfang gjennom 2021. For å dekke denne investeringa må HVO sette av meir midlar til dette framover, og desse må takast av egne oppsparte midlar og andre løyvingar.

Dei neste åra vil desse investeringane blir prioritert: Ombygging, og inventar og utstyr til Hans Strøm-huset. Vi ventar dette står ferdig i 2023. I tillegg kjem prioriterte tiltak i campusutviklingsplanen som vart vedtatt i høgskulestyret i 2020.

Revisor

Revisor for Høgskulen i Volda er Riksrevisjonen.

Volda, 3. mars 2021, Høgskulen i Volda ved styret




Johann Roppen



Eirik Søvik




Randi Myklebust



Mats Ekeberg



Cecilie Røeggen



Roar Tobro



**Bodil Palma
Hollingsæter**



**Irmelin Johanne
Angell Losvik**



Geir Terje Ruud



Silje Louise Dahl



Inger Østensjø

Prinsippnote – SRS – Høgskulen i Volda

Generelt

Virksomhetsregnskapet er satt opp i samsvar med gjeldende statlige regnskapsstandarder (SRS).

Alle regnskapstall er oppgitt i 1000 kroner dersom ikke annet er særskilt opplyst.

Anvendte regnskapsprinsipper

Inntekter fra bevilgninger og inntekt fra tilskudd og overføringer

Alle aktiviteteter som årets grunnbevilgning er ment til å finansiere er utført pr. 31.12 og grunnbevilgning fra departementet er dermed ansettsom opptjent. Bevilgning knyttet til konkrete oppgaver som ikke er gjennomført på balansedagen, er klassifisert som ikke inntektsført bevilgning, og presentert i del III i note 15.

Overskudd fra bevilgningsfinansiert aktivitet er presentert som Avregnet bevilgningsfinansiert aktivitet i del C Statens kapital i balansen. Bidrag og tilskudd fra statlige etater og tilskudd fra Norges forskningsråd samt bidrag og tilskudd fra andre som ikke er benyttet på balansedagen, er presentert som annen kortsiktig gjeld på regnskapslinjen ikke inntektsført tilskudd og overføringer i balanseoppstillingen. Tilsvarende gjelder for gaver og gaveforsterkninger.

Den andelen av inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som benyttes til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler som balanseføres, inntektsføres ikke på anskaffelsestidspunktet, men avsettes i balansen på regnskapslinjen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

I takt med kostnadsføringen av avskrivninger av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler inntektsføres et tilsvarende beløp fra avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler. Periodens inntektsføring fra avsetningen resultatføres som inntekt fra bevilgninger. Dette medfører at kostnadsførte avskrivninger inngår i virksomhetens driftskostnader uten å få resultateffekt.

Inntekter fra transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjoner resultatføres til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt resultatføres når den er opptjent. Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet hvor overføring av risiko og kontroll er overført til kjøper. Salg av tjenester inntektsføres i takt med utførelsen.

Kostnader

Utgifter som gjelder transaksjonsbaserte inntekter er kostnadsført i samme periode som tilhørende inntekt.

Utgifter som finansieres med inntekt fra bevilgning og inntekt fra tilskudd og overføringer, er kostnadsført i samme periode som aktivitetene er gjennomført og ressursene er forbrukt.

Pensjoner

SRS 25 Ytelser til ansatte legger til grunn en forenklet regnskapsmessig tilnærming til pensjoner. Statlige virksomheter skal ikke balanseføre netto pensjonsforpliktelser for ordninger til Statens pensjonskasse (SPK).

Vi har resultatført arbeidsgiverandelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon er kostnadsført som om pensjonsordningen i SPK var basert på en innskuddsplan.

Leieavtaler

Vi har valgt å benytte forenklet metode i SRS 13 om leieavtaler og klassifiserer alle leieavtaler som operasjonelle leieavtaler.

Klassifisering og vurdering av anleggsmidler

Anleggsmidler er varige og betydelige eiendeler som disponeres av virksomheten. Med varige eiendeler menes eiendeler med utnyttbar levetid på 3 år eller mer. Med betydelige eiendeler forstås eiendeler med anskaffelseskost på kr 50 000 eller mer. Anleggsmidler er balanseført til anskaffelseskost fratrukket avskrivninger.

Kontorinventar og datamaskiner (PCer, servere m.m.) med utnyttbar levetid på 3 år eller mer er balanseført som egne grupper.

Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved bruksendring, dersom virkelig verdi er lavere enn balanseført verdi.

Egenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Bruk av egne ansatte til utvikling av programvare er kostnadsført.

Investeringer i aksjer og andeler

Investeringer i aksjer og andeler er balanseført til kostpris på anskaffelsestidspunktet. Investeringer i aksjer og andeler er vurdert til laveste verdi av balanseført verdi og virkelig verdi. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer. Mottatt utbytte og andre utdelinger er inntektsført som annen finansinntekt.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidler og kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen ett år etter anskaffelsestidspunktet. Øvrige poster er klassifisert som anleggsmidler/langsiktig gjeld.

Omløpsmidler vurderes til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene.

Valuta

Det er få pengeposter i utenlandsk valuta ved regnskapsårets slutt. Disse postene er ikke justert for urealisert valutagevinst/valutatap.

Statens kapital

Statens kapital utgjør nettobeløpet av virksomhetens eiendeler og gjeld. Statens kapital består av virksomhetskapskapital, avregninger og

utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte). Universiteter og høyskoler kan bare opptjene virksomhetskapskapital innenfor sin oppdragsvirksomhet. Deler av de midlene som opptjenes innenfor oppdragsvirksomhet kan føres tilbake til og inngå i virksomhetens tilgjengelige midler til dekning av drift, anskaffelser eller andre forhold innenfor formålet til institusjonen. Midler som gjennom interne disponeringer er øremerket slike formål, er klassifisert som virksomhetskapskapital ved enhetene.

Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler

Avsetningen statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler viser inntekt fra bevilgninger og tilsvarende som er benyttet til anskaffelse av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler.

Kontantstrøm

Kontantstrømpoppstillingen er utarbeidet etter den direkte metode tilpasset statlige virksomheter.

Statlige rammebetingelser

Selvassurandørprinsipp

Staten opererer som selvassurandør. Det er følgelig ikke inkludert poster i balanse eller resultatregnskap som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktelser.

Statens konsernkontoordning

Statlige virksomheter omfattes av statens konsernkontoordning. Konsernkontoordningen innebærer at alle innbetalinger og utbetalinger daglig gjøres opp mot virksomhetens oppgjørskontoer i Norges Bank.

Virksomheten tilføres likvider løpende gjennom året i henhold til utbetalingsplan fra overordnet departement og disponerer en egen oppgjørskonto i konsernkontoordningen i Norges Bank. Denne renteberegnes ikke. Nettobudsjetterte virksomheter beholder likviditeten ved årets slutt.

RESULTATREGNSKAP (tall i 1.000 kr)	Note	31.12.2021	31.12.2020
Driftsinntekter			
Inntekt fra bevilgninger	1	391 940	374 693
Inntekt fra tilskudd og overføringer	1	29 606	24 599
Inntekt fra gebyrer	1	0	0
Salgs- og leieinntekter	1	9 081	15 824
Andre driftsinntekter	1	250	155
Sum driftsinntekter		430 877	415 270
Driftskostnader			
Varekostnader		0	0
Lønnskostnader	2	300 350	286 911
Avskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	15 076	11 433
Nedskrivninger av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	0	0
Andre driftskostnader	3	109 546	108 010
Sum driftskostnader		424 973	406 354
Driftsresultat		5 904	8 916
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	6	36	18
Finanskostnader	6	26	93
Sum finansinntekter og finanskostnader		10	-75
Resultat av periodens aktiviteter		5 914	8 841
Avregninger og disponeringer			
Avregning bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15 I	-5 588	-8 237
Disponering av periodens resultat (til virksomhetskapital)	8	-326	-605
Sum avregninger og disponeringer		-5 914	-8 841

BALANSE - EIENDELER (tall i 1.000 kr)	Note	31.12.2021	31.12.2020
A. Anleggsmidler			
I Immaterielle eiendeler			
Programvare og lignende rettigheter	4	2 990	1 362
Immaterielle eiendeler under utførelse	4	0	0
Sum immaterielle eiendeler		2 990	1 362
II Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	5	0	0
Maskiner og transportmidler	5	1 222	561
Driftsløsøre, inventar, verkøy og lignende	5	69 828	45 259
Anlegg under utførelse	5	0	0
Infrastruktureiendeler	5	0	0
Sum varige driftsmidler		71 050	45 820
III Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	11	100	100
Obligasjoner		0	0
Andre fordringer	11A	0	0
Sum finansielle anleggsmidler		100	100
Sum anleggsmidler		74 140	47 282
B. Omløpsmidler			
I Beholdninger av varer og driftsmateriell			
Beholdninger av varer og driftsmateriell	12	0	0
Sum beholdning av varer og driftsmateriell		0	0
II Fordringer			
Kundefordringer	13	4 042	1 781
Opptjente, ikke fakturerte inntekter	16	1 166	28
Andre fordringer	14	13 018	3 499
Sum fordringer		18 226	5 309
III Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd på konsernkonto i Norges Bank	17	208 760	180 608
Bankinnskudd for gaver og gaveforsterkninger	17	0	0
Andre bankinnskudd	17	0	0
Kontanter og lignende	17	0	0
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		208 760	180 608
Sum omløpsmidler		226 986	185 917
Sum eiendeler drift		301 126	233 199
IV Fordringer vedrørende innkrev.virksomhet og andre overfør.			
Fordringer vedrørende innkrev.virksomhet og andre overf. til staten	9	0	0
Sum fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre over. til staten		0	0
Sum eiendeler		301 126	233 199

BALANSE - STATENS KAPITAL OG GJELD (tall i 1.000 kr)	Note	31.12.2021	31.12.2020
C. Statens kapital			
I Virksomhetskapskapital			
Innskutt virksomhetskapskapital	8	0	0
Opptjent virksomhetskapskapital	8	2 228	1 901
Sum virksomhetskapskapital		2 228	1 901
II Avregninger			
Avregnet bevilgningsfinansiert virksomhet	15 I	87 946	82 358
Sum avregninger		87 946	82 358
III Utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte)			
Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler	4, 5	74 040	47 182
Ikke inntektsført bevilgning	15 III	13 952	8 829
Sum utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte)		87 992	56 011
Sum statens kapital		178 166	140 271
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktelser			
Avsetninger langsiktige forpliktelser	19	0	0
Sum avsetning for langsiktige forpliktelser		0	0
II Annen langsiktig gjeld			
Øvrig langsiktig gjeld		0	0
Sum annen langsiktig gjeld		0	0
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		31 469	12 512
Skyldig skattetrekk		11 224	9 385
Skyldige offentlige avgifter		10 842	9 679
Avsatte feriepenger		25 192	24 100
Ikke inntektsført tilskudd og overføringer (nettobudsjetterte)	15 II	21 452	20 155
Mottatt forskuddsbetaling	16	2 844	1 184
Annen kortsiktig gjeld	18	19 938	15 913
Sum kortsiktig gjeld		122 960	92 928
Sum gjeld		122 960	92 928
Sum statens kapital og gjeld drift		301 126	233 199
IV Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer			
Ikke utbetalt bevilgning mottatt til tilskuddsforvaltning (nettobudsjetterte)	10A,10B	0	0
Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten		0	0
Sum gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer		0	0
Sum statens kapital og gjeld		301 126	233 199

Kontantstrømoppstilling for nettbudsjetterte virksomheter (direkte modell)

KONTANTSTRØMOPPSTILLING (tall i 1.000 kr)	31.12.2021	31.12.2020	Budsjett 2022
Kontantstrømmer fra driftsaktiviteter			
Innbetalinger			
innbetalinger av bevilgning fra fagdepartementet (nettbudsjetterte)	423 921	383 736	416 965
innbetalinger av bevilgninger fra andre departementer (nettbudsjetterte)	0	0	0
innbetalinger fra salg av varer og tjenester	7 532	16 360	10 367
innbetalinger av avgifter, gebyrer og lisenser	0	0	0
innbetalinger av tilskudd og overføringer	29 235	30 932	21 541
innbetaling av refusjoner	0	0	0
innbetalinger knyttet til konsortie-/samarbeidsavtaler	0	0	0
andre innbetalinger	525	5 351	500
Sum innbetalinger	461 213	436 378	449 373
Utbetalinger			
utbetalinger av lønn og sosiale kostnader	296 097	287 218	326 000
utbetalinger for kjøp av varer og tjenester	94 642	107 372	126 000
utbetalinger av skatter og offentlige avgifter	-397	-298	0
utbetalinger og overføringer til andre statsetater	0	0	0
utbetalinger og overføringer til andre virksomheter	0	0	0
andre utbetalinger	802	1 837	800
Sum utbetalinger	391 144	396 129	452 800
Netto kontantstrøm fra driftsaktiviteter*	70 069	40 249	-3 427
Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter			
innbetalinger ved salg av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler (+)	55	0	0
utbetalinger ved kjøp av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler (-)	-41 982	-20 613	-39 242
innbetalinger ved salg av aksjer og andeler (+)	0	0	0
utbetalinger ved kjøp av aksjer og andeler (-)	0	0	0
innbetalinger ved salg av obligasjoner og andre fordringer (+)	0	0	0
utbetalinger ved kjøp av obligasjoner og andre fordringer (-)	0	0	0
innbetalinger av utbytte (+)	0	0	0
innbetalinger av renter (+)	36	18	0
utbetalinger av renter (-)	-26	-93	0
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-41 917	-20 688	-39 242
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter			
innbetalinger av virksomhetskaper (+)	0	0	0
tilbakebetalinger av virksomhetskaper (-)	0	0	0
utbetalinger av utbytte til statskassen (-)	0	0	0
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	0	0	0
Kontantstrømmer knyttet til overføringer			
innbetalinger fra fagdepartementet til tilskudd til andre (+)	0	0	0
innbetalinger fra andre departement til tilskudd til andre (+)	0	0	0
innbetalinger fra andre virksomheter til tilskudd til andre (+)	0	0	0
utbetalinger og overføringer til andre virksomheter (-)	0	0	0
skatter, avgifter og gebyrer direkte til statskassen (+)	0	0	0
avregning med statskassen vedrørende innkrevingsvirksomhet (-)	0	0	0
Netto kontantstrøm knyttet til overføringer	0	0	0
Effekt av valutakursendringer på kontanter og kontantekvivalenter (+/-)	0	0	0
Netto endring i kontanter og kontantekvivalenter (+/-)	28 152	19 562	-42 669
Beholdning av kontanter og kontantekvivalenter ved periodens begynnelse	180 608	161 047	180 608
Beholdning av kontanter og kontantekvivalenter ved periodens slutt	208 760	180 608	137 939

* Avstemming	31.12.2021	31.12.2020
avregning av bevilgningsfinansiert aktivitet	5 588	8 237
disponering av periodens resultat (til virksomhetskaptal)	326	605
bokført verdi avhendede anleggsmidler	0	0
ordinære avskrivninger	15 076	11 433
nedskrivning av anleggsmidler	0	0
avsetning utsatte inntekter (tilgang anleggsmidler)	-41 982	-20 613
endring i statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler	26 858	9 180
endring i ikke inntektsført bevilgning	1 297	-137
endring i beholdninger av varer og annet driftsmateriell	0	0
endring i kundefordringer	-2 261	623
endring i leverandørgjeld	18 957	-8 749
endring i ikke inntektsført tilskudd og overføringer	5 123	9404
effekt av valutakursendringer	-10	75
poster klassifisert som investerings- og finansieringsaktiviteter	41 982	20 613
poster klassifisert som kontantstrømmer knyttet til overføringer	0	0
endring i andre tidsavgrensingsposter	-886	9 579
Netto kontantstrøm fra driftsaktiviteter*	70 069	40 250

Prinsippnote for bevilgningsoppstilling

Årsregnskapet for statlige forvaltningsorganer med særskilte fullmakter til bruttoføring utenfor statsbudsjettet (nettobudsjetterte virksomheter) er utarbeidet og avlagt etter nærmere retningslinjer i bestemmelser om økonomistyring i staten ("bestemmelsene"). Årsregnskapet er i henhold til krav i bestemmelsene punkt 3.4.1, nærmere bestemmelser i Finansdepartementets rundskriv R-115 og tilleggskrav fastsatt av Kunnskapsdepartementet.

Virksomheten er tilknyttet statens konsernkontoordning i Norges Bank i henhold til bestemmelsenes punkt 3.7.1. Nettobudsjetterte virksomheter får bevilgningen fra Kunnskapsdepartementet innbetalt på sin bankkonto. Beholdninger på virksomhets oppgjørskonto i Norges Bank overføres til nytt år.

Bevilgningsoppstillingen omfatter perioden fra 1. januar til den aktuelle balansedagen.

Bevilgningsoppstillingens del I viser hva virksomheten har fått stilt til disposisjon i henhold til tildelingsbrev og hvilke utbetalinger som er registrert i statens konsernkontosystem. Utbetalingene er knyttet til og avstemt mot tildelingsbrevene og er satt opp etter inndelingen Stortinget har fastsatt for budsjettet og de spesifikasjonene som er angitt i tildelingsbrevene.

Bevilgningsoppstillingens del II omfatter det som er rapportert i likvidrapporten til statsregnskapet. Likvidrapporten viser saldo og likvidbevegelser på virksomhetens oppgjørskonto og øvrige konti i Norges Bank. Beholdningene rapportert i likvidrapporten er avstemt mot statens konsernkontosystem og øvrige beholdninger i Norges Bank.

Bevilgningsoppstillingens del III viser alle finansielle eiendeler som virksomheten er ført opp med i statens kapitalregnskap. Beholdningene i statens kapitalregnskap er basert på at transaksjonene er ført med verdien på betalingstidspunktet. Verdien på balansedagen er satt til historisk kostpris på transaksjonstidspunktet.

Oppstilling av bevilgningsrapportering for 2021 for nettobudsjetterte virksomheter pr. 31.12.2021

Del I

Samlet utbetaling i henhold til tildelingsbrev

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet utbetaling
260	Universiteter og høyskoler	50	Statlige universiteter og høyskoler	411 711
			Spesielle driftsutgifter, kan overføres, <i>kan nyttes</i>	
275	Tiltak for høyere utdanning og forskning	21	<i>under post 70</i>	2 210
			Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	
275	Tiltak for høyere utdanning og forskning	45	<i>overføres</i>	10 000
Sum på kapitler og poster under programkategori 07.60 Høyere utdanning og forskning				423 921
2xx	Formålet/virksomheten			0
Samlet sum på kapitler og poster under programområde 07 Kunnskapsdepartementet				423 921
xxxx	[Formålet/Virksomheten]	xx		0
Sum utbetalinger på andre kapitler og poster i statsbudsjettet				0
Sum utbetalinger i alt				423 921

DEL II

Beholdninger rapportert i likvidrapport ¹⁾

	Note	Regnskap 31.12.2021
Oppgjørskonto i Norges Bank		
